

Rundskriv til lov av 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova).

H – 10/15 Oppdatert mars 2017

Innhold

1.1 Om rundskrivet.....	4
1.2 Rettslege konsekvensar av kommune- og fylkesgrenser.....	4
1.3 Inndelingslova er ei prosesslov. Inndelingslova § 1	4
1.4 Verkeområde. Inndelingslova § 2	5
1.5 Ulike typar inndelingssaker. Inndelingslova § 3	5
1.6 Illustrasjon av ulike grenseendringar	9
2. FORDELINGA AV AVGJERDSMAKT.....	13
2.1 Oversikt.....	13
2.1.1 Saker som skal avgjerast av Stortinget	13
2.1.2 Saker som skal avgjerast av Kongen i statsråd	14
2.1.3 Saker som skal avgjerast av departementet	14
2.1.4 Saker som skal avgjerast av fylkesmannen.....	14
2.2 Vedtak om samanslåing. Inndelingslova § 4.....	15
2.3 Vedtak om deling. Inndelingslova § 5	15
2.4 Vedtak om grensejustering. Inndelingslova § 6	16
2.4.1 Om grensejustering	16
2.4.2 Vurdering i grensjusteringssaker	17
2.5 Vedtak om grensefastsetjing. Inndelingslova § 7.....	17
2.5.1 Om grensefastsetjing.....	17
2.5.2 Vurderinga	17
2.5.3 Nærare om dei einskilde momenta i grensefastsetjingssaker	17
3. INITIATIV. REGLAR OM SAKSFØREBUING.....	19
3.1. Innleiing	19
3.2 Initiativrett. Inndelingslova § 8	19
3.2.1 Innleiing initiativrett	20
3.2.2 Kven har initiativrett. Inndelingslova § 8	20

3.2.3. Krav til søknaden. Inndelingslova § 8 fjerde ledd	21
3.2.4 Adressat for søknaden. Inndelingslova § 8 fjerde ledd.....	21
3.2.5 Særleg om saker som omfattar fleire fylke	21
3.2.6 Orientering om initiativ. Inndelingslova § 8 fjerde ledd.....	21
3.2.7 Verknadene av initiativretten	22
3.2.8 Særleg om Statens kartverk	22
3.3 Utgreiing og saksførebuing. Inndelingslova § 9	22
3.3.1 Utgreiingsinstans. Inndelingslova § 9 første ledd.....	23
3.3.2 Rett til å klage på avslag om utgreiing.	23
3.3.3 Nokre føringar om utgreiinga og skjønnet.....	24
3.3.4 Uttalerett og plikt til å medverke	24
3.3.5 Særleg om dokumentoffentlegheit. Tilhøve til offentleglova.....	24
3.4 Høyring av innbyggjarane. Inndelingslova § 10	25
3.4.1 Høyring	25
3.4.2 Kven skal høyrast.....	25
3.4.3 Høyringsfrist	26
3.4.4 Val av høyringsmetode	26
3.5 Dekking av kostnader ved utgreiing. Inndelingslova § 11	26
3.5.1 Innleiing	26
3.5.2 Dekking av kostnader	27
3.6 Tidspunkt for iverksetting	27
4. VERKNADER AV SAMANSLÅING OG ANDRE GRENSEENDRINGAR	28
4.1 Innleiing	28
4.2 Skatteplikta til innbyggjarane ved grenseendring. Inndelingslova § 12	28
4.3 Verknader for lokale forskrifter, vedtekter og planvedtak.....	29
4.4 Bortfall av statlege avgifter. Inndelingslova § 14	30
4.5 Verknader for interkommunalt samarbeid. Inndelingslova § 16.....	30
4.6 Robek-status ved samanslåing. Inndelingslova § 16 a.....	31
4.7 Kommunesamanslåing og forkjøpsrett til aksjar. Inndelingslova § 16 b.....	32
4.8 Fullmakter for Kongen. Inndelingslova § 17	33
4.8.1 Innleiing	34

4.8.2 Nærmere om fullmakt for Kongen.....	34
5. SÆRLEGE REGLAR FOR GJENNOMFØRINGSFASEN.....	37
5.1 Innleiing	37
5.2 Felles kommunestyre og fylkestingsmøte. Inndelingslova § 25	37
5.3 Fellesnemnda Inndelingslova § 26.....	40
5.3.1 Fellesnemnd	41
5.3.2 Funksjonane til fellesnemnda	41
5.4 Konstituering av nytt kommunestyre eller fylkesting. Inndelingslova § 27	44
6. ØKONOMISK OPPGJER ETTER GRENSEJUSTERING OG DELING.....	45
6.1 Innleiing	45
6.2 Avtale om det økonomiske oppgjeret. Inndelingslova § 18.....	45
6.3 Oppgjer etter grensejusteringar. Inndelingslova § 19	46
6.4 Oppgjer etter delingar. Inndelingslova § 20.....	48
6.5 Erstatning. Inndelingslova § 21	49
6.6 Garantiar. Inndelingslova § 22	49
7. OM ØKONOMISK KOMPENSASJON FOR EINGONGSKOSTNADER	50
8. SKJØNNSNEMND OG OVERSKJØNNSNEMND INNDELINGSLOVA § 23..	51
8.1 Om skjønnsnemnd og overskjønnsnemnd	51
8.2 Saksbehandling og dekning av kostnader ved skjønn.....	52
9. LOVLEGGKONTROLL AV BUDSJETTVEDTAK.....	52
10. ANDRE SPØRSMÅL	53
10.1 Arkivering	53
10.2 Oversikt over oppgåvene i inndelingssaker	54
10.3 Nærare om avgjerda i inndelingssaker	55
10.3.1 Saker der fylkesmannen tek avgjerda	55
10.3.2 Saker som skal sendast vidare til departementet etter utgreiinga	56
10.3.3 Informasjon om fylkesmannen si avgjerd.....	56

1.1 Om rundskrivet

Fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser blir regulert av lov av 15. juni 2001 nr. 70, lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova). Forarbeida til lova er Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) og Innst.O. nr. 86 (2000–2001) Innstilling frå kommunalkomiteen om lov om fastsetjing og endring av kommune og fylkesgrenser (inndelingslova).

Rundskrivet erstattar rundskriv H-01-07.

Dei seinaste endringane i inndelingslova er omtalt i Prop. 76 L (2015–2016), Innst. 347 L (2015–2016) og Lovvedtak 85 (2015–2016) av 07.06.2016. Bakgrunnen for dei seinaste endringane er at departementet i arbeidet med konkrete inndelingssaker i den pågåande kommunereforma blei merksam på behov for å gjere nokre mindre endringar i inndelingslova, for at lova kan fungere som ein tenleg reiskap ved grenseendringar.

1.2 Rettslege konsekvensar av kommune- og fylkesgrenser

Kommune- og fylkesgrensene avgrensar den stadlege kompetansen til kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen. Det er den administrative grensa som avgjer kva område dei lokale styresmaktene kan ta avgjerder om. Ei kommunegrense treng ikkje falle saman med grensa mellom to private eigedomar som ligg i kvar sin kommune eller i kvart sitt fylke. Kommunegrensa er avgjerande for rettar og plikter som innbyggjarane har. Ei endring av ei kommunegrense kan mellom anna avgjere kva for skattar og avgifter som gjeld, kva for offentlege tenester som kan nyttast (til dømes skule- og barnehagetilbod) og kva kommune ein kan stemme i.

1.3 Inndelingslova er ei prosesslov. Inndelingslova § 1

§ 1 Formål

Formålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innafor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verksemda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar.

Inndelingslova i seg sjølv seier ikkje noko om når ei grense bør endrast eller kvar ho skal gå, men gir reglar om kva som skal skje frå det er teke initiativ til ei endring og til endringa er gjennomført og kven som har kompetanse til å fastsette kva.

Det følgjer av forarbeida til lova, Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) Om lov om fastsetjing av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) at:

"Inndelingslova er ei prosess- og gjennomføringslov, som bør utformast som eit tenleg reiskap i høve til ulik politikk på feltet. Formålsparagrafen gir likevel uttrykk for overordna målsetjingar og verdjar i høve til spørsmål om kommune- og fylkesstrukturen. Lova pålegg altså ikkje regjeringa nokon plikt til å fremje saker om samanslåing eller deling der det er usemje i kommunane."

I høyringsnotatet som låg til grunn for Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) blei det understreka at ein formålsregel ikkje vil ha nokon sjølvstendig funksjon, men skal tene som rettleiar ved tolking og bruk av reglane i lova og vil formidle sentrale verdjar som ligg bak reglane i lova.

Saksgangen i inndelingslova kan illustrerast slik:

Initiativ → Saksførebuing → Vedtak → Gjennomføring → Oppgjer/konsekvensar

1.4 Verkeområde. Inndelingslova § 2

§ 2 Verkeområde

Denne lova gjeld for kommunar og fylke. Lova omfattar både endring av grenser og fastsetjing av grenser.

Lova har same geografiske virkeområde som kommunelova, det vil seie fastlands- Noreg, med vanleg utstrekning i sjøen til territorialgrensene. Dette går ikkje fram av lovteksten, men følgjer av allmenne rettsgrunnsetningar. Lova gjeld både kommune- og fylkesinndelinga.

Kommunelova § 3 slår fast prinsippet om at kvar kommune høyrer til eitt fylke, og at kvart fylke utgjer ein fylkeskommune (med unntak av Oslo). Om ikkje anna går fram av lovteksten gjeld reglane eins for kommunar og fylke.

1.5 Ulike typar inndelingssaker. Inndelingslova § 3

§ 3 Definisjonar

Samanslåing inneber at to eller fleire kommunar eller fylke blir slutta saman til éi ny eining.

Deling inneber

- a) at ein kommune eller eit fylke blir delt i to eller fleire nye einingar, eller
- b) at ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.

Grensejustering inneber at eit område blir flytta over frå ein kommune til ein annan, eller frå eit fylke til eit anna. På same måten blir det rekna når ein heil kommune blir flytta over til eit anna fylke. Departementet kan fastsetje at endring av grensene til eit område skal behandlast som ei grensejustering, dersom området har ein mindre del av innbyggjarane i ein kommune eller eit fylke som skal leggjast til andre kommunar eller fylke etter andre ledd bokstav b. Omgrepet grenseendring i denne lova er ei fellesnemning på samanslåing, deling og grensejustering.

Grensefastsetjing inneber at det blir gjort vedtak om å fastsetje uklare, omstridde eller tidlegare ikkje fastsette grenser mellom kommunar eller fylke.

Lova gjeld alle typar inndelingssaker: Samanslåing, deling, grensejustering og grensefastsetjing.


Samanslåing: To eller fleire kommunar eller fylke blir slått saman til éi ny eining.

Deling: Ein kommune eller eit fylke blir delt i to eller fleire einingar. Etter § 3 andre ledd bokstav b blir prosessen der éin kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke, òg omfatta av ”deling”.

Grensejustering: Eit område blir flytta frå ein kommune til ein annan, eller frå eit fylke til eit anna. Det blir også rekna som ei grensejustering når ein heil kommune blir flytta over til eit anna fylke.

Grensefastsetjing: Ei uklar, omstridd eller ikkje tidlegare fastsett kommune- eller fylkesgrense blir fastsett.

Grenseendring: Omgrepet grenseendring i inndelingslova er ei fellesnemning på samanslåing, deling og grensejustering.



Særleg om delingar etter § 3 andre ledd bokstav b

Definisjonane i § 3 dannar rammene og verkeområdet for dei andre føresegnene i lova. Deling etter § 3 andre ledd bokstav b er ein eigen type inndelingsendring. Grensejustering etter tredje ledd er òg ein eigen type inndelingsendring. Krava til sakshandsaminga etter inndelingslova og kva for økonomisk kompensasjon kommunane har i vente, har samanheng med kva definisjon saka høyrer inn under. Om ei sak følgjer reglane om deling eller reglane om grensejustering, er avgjerande for initiativretten, avgjerdskompetansen, reglane om gjennomføring (felles kommunestyremøte og fellesnemnd) og økonomiske tilskot.

Før § 3 andre ledd bokstav b blei innført, blei ein situasjon der ein kommune slutta å eksistere ved at kommunen blei delt og delane blei lagt til allereie eksisterande kommunar, handsama som fleire grensejusteringar. En kunne såleis få færre kommunar utan at prosessreglane for samanslåing blei nytta. For å bøte på dette blei det innført ei ny type "deling" i § 3 andre ledd bokstav b. Ved innføringa av føresegna blei det i lovforslaget (Prop. 109 L (2012–2013)) ikkje drøfta nærmare om det finst tilfelle som fell inn under føresegna i § 3 andre ledd bokstav b, og som i staden burde bli handsama etter reglane for samanslåing og grensejusteringar.


Seinare erfaringar i konkrete inndelingssaker har vist at det truleg er ein meir glidande overgang mellom deling- og grensejusteringssaker, og at grensa mellom deling- og grensejusteringssakar derfor bør bli meir fleksibel. Samstundes bør det også vere mogleg å gjennomføre ei eller fleire grensejusteringar saman med ei kommunesamanslåing. Tidlegare

ville det vore to delingssaker når ein hadde ein situasjon der hovuddelen av kommune A slo seg saman med kommune B, medan ein mindre del av kommune A slo seg saman med kommune C. Med dei formelle prosessane dette utløyser kan kommunane oppfatte det som unødig krevjande og det kan gjere at ei slik grensejustering blir oppfatta som eit lite gunstig alternativ. For å leggje til rette for smidige prosessar vedtok Stortinget i 2016 ny § 3 3. ledd siste setning, som seier at *"departementet kan fastsetje at endring av grensene til eit område skal behandlast som ei grensejustering, dersom området har ein mindre del av innbyggjarane i ein kommune eller eit fylke som skal leggjast til andre kommunar eller fylke etter andre ledd bokstav b"*.


Føresegna opnar for at departementet kan bruke skjønn i vurderinga av kva som er "ein mindre del" av innbyggjarane i ein kommune eller eit fylke, som elles skal leggjast til andre kommunar eller fylke. Departementet har uttalt seg om rammer for skjønnet i avgjerda av kva for slags reglar som skal følgjast:

- normalt reglane om grensejustering dersom delen som skal avviklast utgjer mindre enn 10 prosent av innbyggjarane i kommunen
 - normalt vil 25 prosent av innbyggjarane danne den øvste grensa for kva som er "ein mindre del av kommunen"
 - ei individuell vurdering, men oftast reglane om deling viss delen har mellom 25-40 prosent av innbyggjarane i kommunen
 - normalt reglane om deling dersom delen utgjer meir enn 40 prosent av innbyggjarane i kommunen
 - dersom delinga er ledd i ei omfattande grenseendring som gjeld mange kommunar eller svært mange innbyggjarar, vil departementet sjå på heilskapen og eventuelt avvike frå føringane her
- Departementet har delegert til fylkesmannen fullmakt til å fastsetje at delar av ein kommunen som skal avviklast, og som utgjer mindre enn ti prosent av innbyggjarane, skal bli behandla som grensejusteringar. Departementet handsamer alle andre slike saker. Det er ikkje fastsett når i prosessen ein skal avgjere kva type reglar som gjeld. Ofte er det praktisk at kommunane avklarar dette tidleg i prosessen, men dersom ei rekkje ulike alternativ blir vurderte lokalt, kan det vere tenleg utsette den endelege avgjerda. Fylkesmannen vil rettleie kommunane om reglane og konsekvensar ved dei ulike lokale alternativa.


1.6 Illustrasjon av ulike grenseendringar




Figur 1: Samanslåing. Den prikkete linja markerer grensa mellom dei to kommunane før dei blir slått saman. Seks kommunar har blitt til fem.



Figur 2: Grensejustering. Den lause prikkete linja markerer grensa som blir borte mellom kommune 4 og 5. Den tette prikkete linja markerer den nye grensa mellom kommunane. Området mellom dei to prikkete linjene blir flytta frå kommune 5 til kommune 4.



Figur 3: Deling der ein kommune blir delt og dei enskilde delane blir lagde til andre kommunar. Dei to lause prikkete linjene markerer grensene som blir borte mellom kommune 1 og 5 og mellom kommune 4 og 5. Den tette prikkete linja markerer den nye grensa mellom kommune 1 og kommune 4. Fem kommunar har blitt til fire.



Figur 5: Deling der ein kommune blir delt, og dei enskilde delane blir lagde til andre kommunar. Den lause prikkete linja markerer grensa som blir borte kring kommune 5. Kommunen blir delt mellom dei andre kommunane. Den tette prikkete linja markerer den nye grensa mellom kommune 1, 2, 3 og 4. Fem kommunar har blitt til fire.

2. FORDELINGA AV AVGJERDSMAKT

2.1 Oversikt

Inndelingslova legg avgjerdsrett til Stortinget og til Kongen. I ein resolusjon frå regjeringa 18. mars 2016 nr. 266 blir delar av avgjerdsmakta til Kongen delegerte til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I delegeringsvedtak av 10.mars 2017 blir delar av avgjerdsmakta til departementet delegerte til fylkesmannen.

2.1.1 Saker som skal avgjerast av Stortinget

- saker om samanslåing og deling av kommunar når kommunane ikkje er samde om ei løysing
- saker om samanslåing og deling av fylke
- grensejustering mellom fylke som gjeld meir enn ein kommune

2.1.2 Saker som skal avgjerast av Kongen i statsråd

- saker om samanslåing og deling av kommunar når kommunane er samde om ei løysing

2.1.3 Saker som skal avgjerast av departementet

- saker om justering av kommunegrenser
- grensejustering mellom fylke som berre gjeld ein kommune
- saker om fastsetjing av fylkesgrenser (på land og i sjø)
- departementet kan gje nærare reglar for å sikre gjennomføring av grenseendring etter § 4, § 5 eller § 6, medrekna det å gjere unntak frå gjeldande reglar i lov eller forskrift, sjå inndelingslova § 17. Det vil spesielt vere aktuelt å gjere unntak frå reglar om gjennomføring av val og om innkrevjing av eigedomsskatt
- departementet kan fastsetje at endring av grensene til eit område skal behandlast som ei grensejustering, sjå § 3 tredje ledd. Delar av dette myndet er delegert til fylkesmannen

2.1.4 Saker som skal avgjerast av fylkesmannen

- Fylkesmannen gjer vedtak i mindre saker om justering av kommunegrenser når det er semje om ei løysing, sjå § 6. Kva som er ei mindre sak, må vurderast i det einskilde tilfellet. Talet på innbyggjarar og storleiken på området det er aktuelt å regulere, vil vere viktige vurderingskriterium. Dersom kommunegrensa som saka gjeld, er del av ei fylkesgrense, skal saka likevel avgjerast av departementet. Fylkesmannen tek avgjerda dersom kommunane er samde. Dersom det ut frå fråsegnene finst ei løysing som begge kommunane vil vere nøgde med, kan fylkesmannen gjere vedtak i tråd med denne løysinga. Dersom fylkesmannen meiner at ei løysing som éin eller begge kommunane vil vere misnøgde med, er den beste, skal saka sendast til departementet for avgjerd.
- Fylkesmannen fastset kommunegrenser (på land og i sjø), sjå § 7. Dersom kommunegrensa som saka gjeld, er del av ei fylkesgrense, skal saka likevel avgjerast av departementet.
- Fylkesmannen kan avvise ein søknad frå ein som ikkje har initiativrett, sjå § 9 andre avsnitt.
- I dei sakstypene der fylkesmannen har fått delegert avgjerdsrett etter §§ 6 og 7, avgjer fylkesmannen om det skal setjast i gang ei utgreiing på grunnlag av initiativ etter § 8, sjå § 9.
- I dei sakstypene fylkesmannen har fått delegert avgjerdsrett etter §§ 6 og 7, avgjer fylkesmannen om utgiftene til utgreiinga skal berast av éin eller fleire av dei interesserte kommunane, sjå § 11.
- Fylkesmannen kan gjennomføre lovlegkontroll med budsjettvedtak etter at ei utgreiing om samanslåing eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b er sett i gang, sjå § 28.

- Fylkesmannen kan fastsetje at endring av grensene til eit område skal behandlast som ei grensejustering, dersom området har mindre enn ti prosent av innbyggjarane i kommunen, sjå § 3, tredje ledd.
- Fylkesmannen kan bestemme at den nye kommunen skal følgje krava til godkjenning og kontroll i kommuneloven § 60 nr. 1 og 2 dersom kommunen ikkje kan ventast å dekkje inn meirforbruket frå før samanslåinga innan to år.
- Fylkesmannen er mottakar av fråsegn frå fellesnemnda om årsbudsjetta og økonomiplanar for kommunane, sjå § 26, tredje ledd.
- Fylkesmannen kan gjere unntak frå kravet om felles kommunestyremøte etter § 25 i dei tilfella det allereie ligg føre tilstrekkelege lokale vedtak i kvart kommunestyre.

2.2 Vedtak om samanslåing. Inndelingslova § 4

§ 4 Vedtak om samanslåing

Stortinget gjer vedtak om samanslåing av fylke. Kongen gjer vedtak om samanslåing når dei kommunane saka gjeld har slutta seg til forslaget om samanslåing. Dersom nokon av kommunane har uttalt seg mot samanslåing, skal saka leggjast fram for Stortinget til avgjerd.

Inndelingslova § 4 første punktum fastslår at det berre er Stortinget som kan gjere vedtak om samanslåing av fylke. Etter § 4 andre punktum skal Kongen gjere vedtak om samanslåing av kommunar dersom kommunane er samde. Det er kommunestyret sjølv som må gje fråsegn til sak om samanslåing, jf. § 9 fjerde ledd.

§ 4 tredje punktum slår fast at dersom det ikkje er semje mellom kommunane i ei sak om samanslåing, dvs. at minst eitt av kommunestyra har gått imot, må eventuelt vedtak om samanslåing gjerast av Stortinget.

Lova inneheld elles ikkje kriterium for når ei samanslåingssak der det er usemje mellom dei involverte kommunar, skal leggjast fram for Stortinget til vurdering. Det vil såleis vere opp til regjeringa, og kome an på politiske føringar til ein kvar tid. Berre Stortinget kan innvilge ein søknad om samanslåing der det er usemje mellom dei involverte kommunane.

2.3 Vedtak om deling. Inndelingslova § 5

§ 5 Vedtak om deling

Stortinget gjer vedtak om deling av eit fylke. Kongen gjer vedtak om deling av ein kommune når kommunen eller kommunane saka gjeld, har slutta seg til forslaget. Dersom ein kommune har uttalt seg mot deling, skal saka leggjast fram for Stortinget for avgjerd.

Stortinget treff vedtak i saker om deling av fylker. Kongen gjer vedtak om deling av kommunar dersom kommunen eller dei aktuelle kommunane saka gjeld har slutta seg til forslaget.

Frå 1. januar 2014 blei definisjonen av ”deling” i § 3 endra til òg å omfatte prosessen der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke. Etter lovendringa frå 2014 skal altså Stortinget ikkje berre gjere vedtak når deling av eit fylke inneber to eller fleire nye fylke (jf. § 3 andre ledd bokstav a), men òg når delinga inneber at dei einskilte delane blir lagde til andre fylke (jf. § 3 andre ledd bokstav b). I tredje punktum er det presisert at dersom éin kommune har uttalt seg mot deling, skal saka leggjast fram for Stortinget for avgjerd.

Dersom Kongen skal kunne gjere vedtak i dei tilfella som er omfatta av § 3 andre ledd bokstav b, må alle kommunar saka gjeld ha slutta seg til forslaget.

Det følgjer av § 3 tredje ledd tredje punktum at departementet kan fastsetje at endring av grensene til eit område skal behandlast som ei grensejustering (og ikkje ei deling), dersom områder har ein mindre del av innbyggjarane i ein kommune eller eit fylke som skal leggjast til andre kommunar eller fylke.

2.4 Vedtak om grensejustering. Inndelingslova § 6

§ 6 Vedtak om grensejustering

Kongen gjer vedtak om justering av grenser mellom kommunar og fylke. Dersom grensejustering mellom fylke gjeld meir enn éin kommune, skal saka leggjast fram for Stortinget til avgjerd.

2.4.1 Om grensejustering

Etter § 6 kan Kongen flytte inntil éin kommune til eit anna fylke, utan omsyn til innbyggjartal og areal. Dersom grensejusteringa gjeld meir enn éin kommune, må Stortinget ta avgjerd om overføring til nytt fylke. Kongen sin kompetanse etter § 6 er delegert til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. kgl.res. 18. mars 2016 nr. 266. Føresegna hindrar ikkje at regjeringa kan sende ei sak til Stortinget også om regjeringa kunne ha teke avgjerda sjølv. Departementet tolkar inndelingslova vidare slik at departementet (etter delegering) kan avslå søknad om grensejustering som gjeld meir enn éin kommune, sjølv om berre Stortinget kan innvilge slik søknad.

Etter delegeringsvedtak 10.mars 2017 treff fylkesmannen vedtak i mindre saker om justering av kommunegrenser når det er semje om ei løysing.

Før 1. januar 2014 kunne Kongen gjere vedtak om grensejusteringar, men saker som fekk følgjer for fleire innbyggjarar enn dei som står bak kvart stortingsmandat i fylket, måtte leggjast fram for Stortinget til avgjerd. Med ei lovendring som trådde i kraft 1. januar 2014, er føresegna i § 6 forenkla.

2.4.2 Vurdering i grensjusteringssaker

Inndelingslova seier ikkje noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta i ei grensejusteringssak. Den som står ansvarleg for utgreiinga, må avgjere kva som er ”nødvendig” å greie ut i kvar einskilde sak.

Det går fram av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at for grensejusteringssaker vil opplysningar om folketal, areal, geografi, topografiske tilhøve, kommunikasjonstilhøve og plangrunnlag i kommunane kunne vere viktig å hente inn.

Departementet tilrådde i forarbeida at det bør hentast inn fråsegn frå grunneigarar og andre med rettar i området. Vidare går det fram at følgjande opplysningar kan vere aktuelle å hente inn i saker av større omfang: Demografiske utviklingstrekk, flytteaktivitet, pendling, næringsstruktur, næringsutvikling, byggjemønster, arealbruk, inntekts- og utgiftsstruktur, det kommunale tenestetilbodet og interkommunalt samarbeid.

2.5 Vedtak om grensefastsetjing. Inndelingslova § 7

§ 7 Vedtak om grensefastsetjing

Kongen gjer vedtak om fastsetjing av uklare, omstridde eller tidlegare ikkje fastsette grenser mellom kommunar eller fylke.

2.5.1 Om grensefastsetjing

I saker om grensefastsetjing er føremålet å få avgjort kvar ei grense reint faktisk går.

Mynde til å treffe vedtak i saker om fastsetjing av grenser mellom kommunar er delegert til fylkesmannen, jf. delegeringsvedtak 10. mars 2017. Dersom kommunegrensa er del av ei fylkesgrense, skal saka likevel avgjerast av departementet.

2.5.2 Vurderinga

Det går fram av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at for fastsetjingssaker vil det vere mest aktuelt å innhente opplysningar om eldre kart, soknegrenser, den vanlege oppfatninga blant folk på staden, private eigedomsgrenser og rettsavgjerder om slike og bruksrettar. Inndelingslova seier ikkje noko om kor stor vekt ein skal leggje på dei ulike momenta i ei grensefastsetjingssak. Avgjerda i den einskilde saka må skje på grunnlag av ei skjønnsmessig heilskapsvurdering.

2.5.3 Nærare om dei einskilde momenta i grensefastsetjingssaker

Eldre kart med kommunegrenser

Eldre kart er eitt av prova som oftast blir trekt fram som moment av partane i ei fastsetjingssak. Kartverket si vurdering av eit slikt kart vil vere sentral. Dersom grensa går

fram av eit eldre kart og grensa ikkje har vore omstridd i ei årrekkje, talar dette for å la kartgrunnlaget ha ein viss provverdi. Dersom det finst fleire kart av ulik dato og kvalitet, vil eit nyare kart med ei meir nøyaktig oppteikna grense, ofte gå framfor eit eldre kart der grensa er meir omtrentleg fastsett.

Eldre kart med sokne- og prestegjeldsgrenser

Ved innføringa av formannskapslovene i 1837 la ein til grunn den geistlege inndelinga (sokn og prestegjeld) ved fastsetjing av heradsgrensene. Eldre kart som viser dei geistlege inndelingsgrensene har derfor ei særskild interesse ved handsaminga av fastsetjingssaker, likevel med dei avgrensingar som går fram av punktet ovanfor.

Den vanlege oppfatninga blant innbyggjarane

Argument som går ut på at innbyggjarane på staden meiner at ei kommunegrense frå gammalt av har gått på ein viss stad, vil kunne tilleggjast vekt i det einskilde tilfelle. Kor stor vekt dette skal tilleggjast må vurderast frå sak til sak, fordi slike påstandar ofte kan verke lause og vere vanskeleg å etterprøve. Eit vurderingstema vil vere kor utbreidd ei slik oppfatning er, kor lang tradisjon ho har og kva andre moment ein har i saka.

Private eigedomsgrenser og rettsavgjerder om slike

Dei private eigedomsgrensene er vanlegvis eit tilhøve som veg tungt ved fastsetjinga av ei kommunegrense. Departementet har tradisjonelt valt å leggje relativt stor vekt på private eigedomstilhøve i grenseområda for å unngå at ein privat eigedom skal bli delt i to av ei kommunegrense. Dersom dei private eigedomsgrensene har vore uklare, har departementet oppfordra partane eller kommunane til å delta slik at dei private grensene blir klarlagde før ei kommunegrense blir fastsett.

Ei sak som gjeld fastsetjing av eigedomsgrense som inngår i ein tvist for domstolen, bør stillast i ro til det ligg føre ei rettskraftig avgjerd av domstolen. Det er likevel ingen absolutt regel at ei kommunegrense skal følgje eigedomsgrensene. Dersom det finst sterke haldepunkt for at kommunegrensa følgjer ein annan trasé enn den private grensa, må det vurderast å fastsetje kommunegrensa i tråd med desse haldepunkta.

Det er heller ingen absolutt regel at ei kommunegrense skal gå mellom eigedomar som er matrikulert høvesvis i den eine eller andre kommunen. Det finst døme frå rettspraksis på at domstolane har fråveke grensa i matrikkelføringa. Avgjerande i slike saker har vore at det må reknast som sannsynleggjort at kommunegrensa går ein annan stad ut frå lokal rettsoppfatning, geografiske tilhøve og kor området naturleg høyrer til.

Bruksrettar

Kommunegrensa har vanlegvis ingen innverknad på bruksrettar i eit område, bortsett frå i tilfelle der kommunen til dømes har inntekter frå sal av jakt- og fiskekort. I fastsetjingssaker kan bruksrettar gje ein peikepinn på kva områder som har høyrte til den einskilde kommunen. Særleg kan dette gjelde fjellområde i samband med seterdrift. I så fall må ein sjå på kva for setrar og kva type bruksutøving som er knytt til

hovudeigedomane (gardsbruka). Det kan også vere eit moment kor intensiv utnyttinga av bruksrettane har vore og kor lang tradisjon ho har. Bruksutøvinga kan såleis i einsskilde saker vere eit moment av vekt, særleg i tilfelle der ein har få andre haldepunkt for grensefastsetjing.

Kommunaløkonomiske tilhøve

Sjølv om det er knytt kommunaløkonomisk interesse til det aktuelle området, vil slike tilhøve likevel ikkje ha relevans i høve til ei fastsetjings sak.

Kommunegrensene i sjø og i innsjøar

Kartfesting av kommunegrensar i sjø og innsjøar har historisk sett hovudsakleg skjedd utan at grensa er blitt klart definert og godteken av dei tilstøytande kommunane. Både av omsyn til kommunen si planlegging i sjø- og innsjøområde og for kartleggingsføremål, er det viktig at ein har faste koordinatfeste kommunegrensar i sjø og i innsjøar. Fastsetjing av kommunegrensar i sjø og i innsjøar, må skje i samarbeid med Statens kartverk slik at grensa blir fastsett etter dei prinsippa som skal følgjast ved slik grensefastsetjing.

3. INITIATIV. REGLAR OM SAKSFØREBUING

3.1. Innleiing

Inndelingslova §§ 8 til 11 gir særlege reglar om sakshandsaming.

Ei avgjerd om inndelingsendring er retta mot kommunen som offentleg organ. Avgjerda vil likevel kunne ha verknader for innbyggjarane og andre med tilknytning til området saka gjeld, ved at dei reint faktisk vil bli høyrande til ein ny kommune eller eit nytt fylke og må halde seg til dei lokale vedtekter som gjeld der.

Ei avgjerd om grensendring og grensefastsetjing er ikkje eit einskildvedtak, men ei forskrift som skal behandlast etter forvaltningslova sine reglar for forskrifter, kapittel VII. Desse reglane gjeld så langt inndelingslova ikkje regulerer spørsmålet. Reglane i forvaltningslova § 38 om kunngjering kjem i tillegg til inndelingslova sine sakshandsamingsreglar.

3.2 Initiativrett. Inndelingslova § 8

§ 8 Initiativrett

Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om grensejustering eller grensefastsetjing kan fremjast av innbyggjarar og grunneigarar i dei kommunane søknaden gjeld, av næringsdrivande som har sin registrerte forretningsstad der og av kommunestyret eller fylkestinget i dei kommunane eller fylkeskommunane søknaden gjeld.

Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om samanslåing eller deling kan berre fremjast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv i dei kommunane eller dei fylkeskommunane endringsforslaget gjeld.

Departementet kan på eige initiativ utgreie spørsmål om grenseendring eller grensefastsetjing.

Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om grenseendring eller grensefastsetjing skal vere skriftleg og grunngitt, og må innehalde forslag til nye grenser. Søknaden skal sendast Fylkesmannen i det området saka gjeld. Fylkesmannen skal så snart som råd orientere kommunane eller fylkeskommunane om søknaden.

3.2.1 Innleiing initiativrett

”Initiativrett” inneber rett til å ta opp ei sak, og ei motståande plikt for departementet/ fylkesmannen til å vurdere nærmare utgreiing av saka. Det at nokon får initiativrett, gjer altså at initiativet må følgjast opp på ein eller annan måte, men dette inneber ikkje krav på ei fullstendig utgreiing av alle sider av saka.

3.2.2 Kven har initiativrett. Inndelingslova § 8

Innbyggjarar eller næringsdrivande kan søkje om at grensejustering eller grensefastsetjing som gjeld eigen kommune, blir greidd ut, jf. inndelingslova § 8 første ledd.

Med ”innbyggjar” må ein forstå den som er folkeregistrert i kommunen. Vidare kan grunneigaren søkje om grensejustering uavhengig av si registrerte bustadadresse. Det same gjeld næringsdrivande med registrert forretningsstad i kommunen, jf. Ot.prp. nr. 41 (2000–2001).

Søknad om grensejustering kan gjelde eit område som ligg i den kommunen ein har ei slik tilknytning til, men kan også gjelde overføring av eit område frå ein annan kommune eller eit anna fylke til sin kommune. Initiativretten gjeld tilsvarande for fastsetjing av kommunegrenser og fylkesgrenser.

Etter § 8 andre ledd er det berre kommunestyret og fylkestinget som kan initiere saker om samanslåing eller deling som gjeld respektive kommunar eller fylke. Det inneber at dersom ein innbyggjar ønskjer ei kommunesamanslåing, kan ho eller han fremje innbyggjarinitiativ etter kommunelova § 39a, men han eller ho har ikkje initiativrett etter inndelingslova. Kommunestyre eller fylkesting som ynskjer å initiere saker om samanslåing med andre kommunar eller deling av eigen kommune, kan gjere det utan søknad til fylkesmannen. Det er viktig at kommunane får stor handlefridom med omsyn til korleis dei vil leggje opp dette arbeidet. Dersom det er ønskeleg med statleg finansiering vil det vere nødvendig med søknad til fylkesmannen.

Dersom til dømes fleire kommunar har samla seg om å greie ut ei større samanslåing, kan det vere ønskeleg med særleg tilpassa prosessar.

Sjølv om det ikkje går fram av lovfråsegna er det klart at Stortinget, som øvste nasjonale mynde, kan ta opp saker av eige tiltak, utan særskilt lovheimel.

Etter § 8 tredje ledd har departementet initiativrett i alle typar saker om grenseendring og grensefastsetjing. Fylkesmannen har ikkje initiativrett i inndelingssaker.

3.2.3. Krav til søknaden. Inndelingslova § 8 fjerde ledd

Etter inndelingslova § 8 fjerde ledd skal søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om grenseendring eller grensefastsetjing vere skriftleg, grunngitt og innehalde framlegg til nye grenser. Søknaden skal innehalde ei skisse med framlegg til ny grense. Det bør nyttast offentleg godkjende kart.

Søknaden bør gjere greie for på kva måte søkjaren blir omfatta av grenseendringa/grensefastsetjinga og det bør gå tydeleg fram at det er ein reell søknad og ikkje berre ei meiningsytring.

Avgjerdsorganet er ikkje bunde av forslaget. Resultatet av initiativet kan bli ein større eller mindre endring enn initiativtakarane hadde tenkt seg.

3.2.4 Adressat for søknaden. Inndelingslova § 8 fjerde ledd

Søknaden skal sendast fylkesmannen i det området saka gjeld. Dersom saka gjeld fleire fylke, er det tilstrekkeleg at ein av fylkesmennene mottar søknaden. Blir søknaden sendt til ein kommune, må kommunen straks vidaresende søknaden til fylkesmannen. Det er ikkje nødvendig at kommunen på dette tidspunkt tek standpunkt i saka. Kommunane saka gjeld vil få kome med innspel både under utgreiingsprosessen og i høyringa.

3.2.5 Særleg om saker som omfattar fleire fylke

Dersom ei sak omfattar fleire fylke, må fylkesmennene i dei aktuelle fylka kome fram til ei føremålstenleg ordning for korleis saka skal førebuast. Ei løysing kan vere at det er fylkesmannen i det fylket der søkjaren bur som handsamar søknaden, eventuelt fylkesmannen i det fylket som størstedelen av det aktuelle område høyrer til. Slike spørsmål må fylkesmennene avklare seg imellom så snart som råd etter at ein søknad er motteken. Tvistetilfelle kan takast opp med departementet, som også tek avgjerd i saker om endring av fylkesgrenser.

3.2.6 Orientering om initiativ. Inndelingslova § 8 fjerde ledd

Fylkesmannen skal så snart som råd orientere kommunane eller fylkeskommunane om søknaden, slik at dei kan følge saka frå starten og eventuelt kome med fråsegn og bakgrunnsopplysningar. Orienteringa skal skje skriftleg, med kopi av søknaden og eventuelle vedlegg.

Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) seier:

”At varslinga skal skje så snart som råd, ikkje til hinder for at Fylkesmannen først kan hente inn supplerande opplysningar der han finn behov for det. Til dømes kan det vere aktuelt å undersøkje om søkjaren verkeleg har initiativrett. Det må òg vere mogleg for Fylkesmannen å avslå ei sak som openbart ikkje kan føre fram, utan å varsle kommunane på førehand. Kommunen bør likevel varslast om sjølve avslaget.”

I ein del større saker er det viktig at departementet blir kopla inn i ein tidleg fase. Dersom til dømes fleire kommunar har samla seg om å greie ut ei større grensejustering av fylkesgrensa, kan det vere ønskjeleg med særleg tilpassa prosessar.

3.2.7 Verknadene av initiativretten

Initiativretten inneber ikkje eit krav på ei fullstendig utgreiing av saka. Avgjerd om at det ikkje skal setjast i gang utgreiing, kan påklagast jf. § 9. Ein kvar står fritt til å fremje forslag overfor organ eller person med formell initiativrett, sjølv om ein ikkje har slik rett sjølv. Dersom det ikkje er grunnlag for utgreiing, kan søknaden bli avslått utan at utgreiing er gjennomført. I slike tilfelle skal søkjaren få svar om at saka ikkje er aktuell å utgreie, og at ho derfor blir avslått. Formålet med å avgrense initiativtakar sin rett til å få sett i gang utgreiing, er at styresmaktene ikkje skal bli belasta med utgreiingsarbeid i saker som likevel ikkje vil føre fram.

Ein søknad frå nokon som ikkje er omfatta av initiativretten, kan avvistast, jf. § 9 andre ledd. Eit vedtak om avvising kan ikkje påklagast.

3.2.8 Særleg om Statens kartverk

Statens kartverk er den nasjonale kartinstitusjonen og har ansvaret for å dekke behovet for landsdekkjande geografisk informasjon og kartseriar. Statens kartverk har ikkje initiativrett etter inndelingslova § 8. På bakgrunn av oppgåvene Kartverket har når det gjeld inndeling, meiner departementet det likevel kan vere tenleg å følgje Kartverket sine framlegg om grensefastsetjingar.

I saker om grensejustering og grensefastsetjing bør fylkesmannen informere og rådføre seg med Statens kartverk undervegs i prosessen, slik at framlegget til justering eller fastsetjing blir mest mogleg eintydig og at ei endeleg grensejustering eller -fastsetjing blir teikna inn på kart i samsvar med vedtaket.

3.3 Utgreiing og saksførebuing. Inndelingslova § 9

§ 9 Saksutgreiing

Departementet avgjer om det skal setjast i gang utgreiing på grunnlag av initiativ etter § 8 og tar i tilfelle stilling til kva som er nødvendig omfang av denne. Avgjerd etter første punktum er ikkje enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. Avgjerd om ikkje å setje i gang utgreiing bør likevel bli grunnlagt i samsvar med reglane i

forvaltningslova § 25 og kan påklagast i samsvar med reglane i forvaltningslova kapittel VI.

Departementet kan avvise søknad frå sækjarar som ikkje har initiativrett. Avvisinga skal vere skriftleg og grunngitt.

Kommunale, fylkeskommunale og statlege forvaltningsorgan skal gi nødvendige opplysningar og i rimeleg utstrekning medverke ved saksførebuinga, etter oppmoding frå den som gjer utgreiinga.

Før det blir gjort vedtak om grenseendring eller grensefastsetjing, skal dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld, få uttale seg. I saker om samanslåing eller deling må kommunestyret eller fylkestinget sjølv uttale seg.

3.3.1 Utgreiingsinstans. Inndelingslova § 9 første ledd

Spørsmålet om når ei sak skal greiast ut må departementet eventuelt fylkesmannen avgjere på grunnlag av ei skjønsmessig vurdering av konkrete opplysningar i saka. Kommunar eller fylke som på eige initiativ ønskjer å utgreie samanslåing eller deling, treng ikkje førehandsgodkjenning frå departementet eller fylkesmannen.

Departementet avgjer om det skal setjast i gang utgreiing på grunnlag av initiativ teke av nokon med initiativrett etter lova, jf. § 9 første ledd.

I dei tilfelle fylkesmannen har fått delegert mynde til å fatte vedtak etter § 6 (mindre saker om justering av kommunegrenser, når det er semje om ei løysing) og § 7 (fastsetjing av kommunegrenser), avgjer fylkesmannen om det skal setjast i gang utgreiing på grunnlag av initiativ etter § 8, jf. delegeringsvedtak 10. mars 2017. Departementet har det overordna ansvaret for å gjere den nødvendige saksutgreiinga.

Departementet/fylkesmannen avgjer spørsmålet om utgreiing ut frå eit fritt skjønn. Svaret bør likevel grunngjevast i samsvar med reglane i forvaltningslova kapittel VI, jf. § 9 første ledd tredje punktum.

3.3.2 Rett til å klage på avslag om utgreiing.

Dersom fylkesmannen avgjer at ei sak ikkje skal greiast ut, kan den som har initiativrett og som kom med framlegget, klage over dette vedtaket til departementet, jf. § 9 første ledd siste setning. Fylkesmannen må grunngi kvifor det ikkje er aktuelt å setje i gang ei utgreiing, jf. forvaltningslova § 25. Ein klage skal sendast fylkesmannen som førebur saka for departementet.

Ein initiativtakar kan ikkje klage dersom fylkesmannen, etter å ha gjennomført ei utgreiing, gjer vedtak om at grensa ikkje skal justerast eller fastsetjast. Kommunar og fylkeskommunar kan likevel bringe ei slik avgjerd inn for departementet. Slike klager skal sendast fylkesmannen for førebuing for departementet. Klagefristen er på seks veker.

3.3.3 Nokre føringar om utgreiinga og skjønnet

Eit framlegg som går ut på at eit område blir overført til grannekommunen på grunn av ein strid om til dømes skulenedlegging, bør vanlegvis bli avslått av fylkesmannen, såframt det ikkje er andre vesentlege argument for ei grenseendring.

Dersom det står mange med initiativrett bak søknaden, eller dersom det er kommunen eller fylkeskommunen som har teke initiativet, bør ei sak normalt ikkje bli avslått utan å bli greidd ut. Dei aktuelle kommunane bør i slike tilfelle bli høyrte om mellom anna utgreiingsarbeid og prosess før fylkesmannen treffer avgjerda.

I saker om grensefastsetjing må fylkesmannen undersøkje om det er grensetvistar oppe for domstolane som gjeld den same kommunegrensa før ei utgreiing blir sett i gang. I så fall skal fylkesmannen vente til det kjem ei avgjerd frå domstolen i saka.

3.3.4 Uttalerett og plikt til å medverke

Fylkesmannen skal så snart som råd orientere kommunane eller fylkeskommunane om søknaden, jf. § 8 siste ledd siste punktum. Etter § 9 fjerde ledd skal avgjerdsorganet sørgje for at dei kommunar eller fylkeskommunar saka gjeld, får uttale seg før det blir teke avgjerd om å justere eller fastsetje kommune- eller fylkesgrenser. Kommunen eller fylkeskommunen har likevel ikkje plikt å uttale seg.

I saker om samanslåing og deling skal kommunestyret eller fylkestinget sjølv uttale seg.

Fylkeskommunen skal få moglegheit til å uttale seg om grenseendringar mellom kommunane i fylket sjølv om det ikkje gjelder fylkesgrensa. Fylkeskommunane treng ikkje å få formelt høve til å uttale seg om grensefastsetjingar mellom kommunar (som ikkje utgjør del av fylkesgrensse).

Etter § 9 tredje ledd skal kommunale, fylkeskommunale og statlege forvaltningsorgan gi ”nødvendige opplysningar”. Den som står ansvarleg for utgreiinga, må avgjere kva som er ”nødvendig” å greie ut i kvar einskilde sak.

3.3.5 Særleg om dokumentoffentlegheit. Tilhøve til offentleglova

Inndelingslova § 9 har ikkje egne reglar om dokumentoffentlegheit i inndelingssaker. Hovudregelen i offentleglova § 2 gir i utgangspunktet alle rett til å gjere seg kjende med det offentlege innhaldet i dokument. Frå dette gjer lova visse unntak, som t.d. for interne dokument, opplysningar undergitt lovbestemt teieplikt og opplysningar som kan skade rikets tryggleik. I medhald av hovudregelen i offentleglova, vil det vere innsynsrett i dei fleste dokumenta i ei inndelingssak. Det er først og fremst regelen om unntak for interne dokument som kan vere aktuell i inndelingssakene. Departementet/fylkesmannen vil kunne unnta frå offentlegheit dokument som er utarbeidde for den interne saksbehandlinga, enten internt i departementet/fylkesmannen eller av eit departement til bruk i eit anna departement, eller av særleg rådgivar eller sakkunnig, som t.d. særskild oppnemnt utgreiar eller utgreiingsutval. Offentleglova pålegg også forvaltningsorganet å

vurdere meiroffentligheit, dvs. vurdere om dokumentet likevel bør kunne gjerast kjent heilt eller delvis, sjølv om det etter regler i lova kan unntas frå offentligheit.

3.4 Høyring av innbyggjarane. Inndelingslova § 10

§ 10 Innbyggjarhøyring

Kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på annan måte.

3.4.1 Høyring

Inndelings saker er gjerne omstridde spørsmål, som bør klarleggjast best mogleg. Ein bør derfor leggje vekt på omsynet til brei medverknad. Inndelingslova § 10 er utforma som ein ”bør”-regel.

Etter ordlyden gjeld føresegna om innbyggjarhøyring berre for ”forslag til grenseendring” og ikkje for sakene om grensefastsetjing. Fastsetjingssakene går ut på å finne grensa der den etter alt å dømme går, mens saker om grenseendring handlar å avgjere kvar grensa bør gå. Innbyggjarane si meining vil sjeldan vere eit sentralt moment i fastsetjingssaker og innbyggjarhøyring er då ikkje ein like aktuell framgangsmåte.

Inndelingslova § 10 fastset at kommunestyret i dei kommunane som er omfatta av eit framlegg om grenseendring, som utgangspunkt skal hente inn synspunkt frå innbyggjarane i kommunen. Det vil vere opp til kommunen å vurdere om det er nødvendig å innhente innbyggjarane sine synspunkt på den aktuelle saka. Kommunen vil ikkje ha plikt til å grunngi kvifor høyring av innbyggjarane ikkje blir sett i verk.

3.4.2 Kven skal høyrast

Inndelingslova § 10 er etter ordlyden avgrensa til innbyggjarar i ”det aktuelle området”. Ei sak som geografisk berre vedkjem ein liten del av kommunen, kan få ringverknader langt utanfor området saka direkte gjeld. Kommunestyret avgjer sjølv kven som i tilfelle skal omfattast av høyringa. I Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) skriv departementet:

”I denne vurderinga bør kommunane likevel tenke nøye igjennom dei ulike alternativa, sett opp mot art og omfang av saka. Ei grenseendringssak gjeld alltid fleire enn ein kommune, og det kan såleis bli aktuelt for fleire kommunar å halde høyring. Alle dei som er involverte bør da ta stilling til om det skal haldast høyring, og på kva måte dette skal skje. Kommunane står fritt til å velje høyringsmetode, noko som kan føre til at det blir halde ulike former for høyring i same sak. Dette kan vere lite heldig, og kommunane bør derfor samarbeide om gjennomføringa av høyringa.”

Fylkeskommunane er ikkje omfatta av regelen om innbyggjarhøyring. I Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) s. 37 påpeiker departementet at fylkeskommunane står fritt til å sjølv å høyre

kva innbyggjarane meiner i ei konkret sak, dersom dei finn dette formålstenleg. Slik høyring bør i tilfelle finne stad i samråd med aktuelle kommunar.

3.4.3 Høyringsfrist

Inndelingslova § 10 har ikkje ein eksplisitt høyringsfrist for innbyggjarhøyring. Departementet legg til grunn at kommunestyret legg opp til ein frist slik at innbyggjarane får ein reell moglegheit til å få uttale seg om saken.

3.4.4 Val av høyringsmetode

Den einskilde kommune står sjølv fritt til å avgjere kva form høyringa skal ha ut frå sakstype og lokale forhold elles. Opprekninga av høyringsmåtar er etter ordlyden ikkje uttømmande, og ”annan måte” kan til dømes vere underskriftslistar og anna.

Ei høyring er normalt ikkje noko mål i seg sjølv. Meininga er å bringe fram opplysningar om saka som ikkje er kjende på førehand. Som døme på tilfelle der ei innbyggjarhøyring vil vere unødvendig vil vere der grenseendringa gjeld eit lite område der det ikkje bur menneske, eller at kommunen allereie med sikker kunnskap veit kva befolkninga meiner om saka.

Dersom det aktuelle området kryssar kommune- eller fylkesgrensene, kan det bli aktuelt for fleire kommunar å halde høyring. I så fall er det ein fordel om prosessane blir samordna.

Kommunen er ikkje bunden av resultatet av høyringa, når den skal gje fråsegn om saka. Det er i siste instans opp til avgjerdsinstansen å avgjere kva vekt den vil leggje på resultatet.

3.5 Dekking av kostnader ved utgreiing. Inndelingslova § 11

§ 11 Utgifter

Departementet avgjer om utgiftene ved utgreiinga skal berast av ein eller fleire av dei interesserte kommunane eller fylkeskommunane, eller heilt eller delvis av staten. Kommunane eller fylkeskommunane skal få høve til å uttale seg før departementet tek endeleg avgjerd om kostnadsdeling.

3.5.1 Innleiing

Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) seier at forhold ved den einskilde saka kan gjere det urimeleg at ein eller fleire kommunar dekkjer kostnadene ved utgreiinga. Eit eksempel på dette kan t.d. vere der staten har tatt initiativet til større revisjonar av kommunegrensene i eit område. Samtidig kan det vere saker der kommunane normalt må vere nærast til å dekkje kostnadene til utgreiinga. Eit eksempel på dette kan t.d. vere mindre justeringar som berre

har interesse for dei involverte kommunane. Forhold ved den einskilde saka kan derfor gjere det legitimt at staten i eit tilfelle dekkjer alle utgreiingskostnadene og i eit anna tilfelle berre noko eller ingenting av kostnadene, sjølv om begge sakene t.d. gjeld samanslåingar. Inndelingslova § 11 legg derfor opp til ei fleksibel løysing om fordeling av utgifter, der staten avgjer kven som skal bere utgiftene ved utgreiinga, og om noko av utgiftene skal delast mellom fleire partar.

3.5.2 Dekking av kostnader

Etter § 11 avgjer staten kven som skal bere utgiftene ved utgreiinga, og om noko av utgiftene skal delast mellom fleire partar. I dei tilfelle fylkesmannen har fått delegert mynde til å fatte vedtak etter § 6 (mindre saker om justering av kommunegrenser, når det er semje om ei løysing) og § 7 (fastsetjing av kommunegrenser), avgjer fylkesmannen kor utgiftene ved utgreiinga skal berast av ein eller fleire av dei interesserte kommunane, jf. delegeringsvedtak 10. mars 2017.

Etter § 11 siste punktum skal kommunane eller fylkeskommunane det gjeld få høve til å uttale seg før departementet/ fylkesmannen tar avgjerd om kostnadsdeling. Dette følgjer langt på veg av alminnelege forvaltningsrettslege prinsipp.

3.6 Tidspunkt for iverksetting

Inndelingslova har ikkje særskilde reglar om kven som skal bestemme når ei avgjerd om inndelingsendring skal setjast i verk.

Endring av grensene til kommunar og fylke vil ha følgjer for privatpersonar, private verksemdar og det offentlege. Av omsyn til innkrevjing av skatt og avgifter og til utrekning av rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar, bør grenseendringar setjast i verk ved eit årsskifte. Den nye eininga bør vere mest mogleg operativ når endringa tek til å gjelde.

Eit vedtak om grenseendring som gjeld fleire enn eit fåtal personar, bør ikkje setjast i verk før andre årsskifte etter at vedtaket er fatta. Då vil rammetilskotet til kommunane kunne byggje på oppdaterte kriteriedata som tek omsyn til dei nye grensene. Tal for rammetilskotet i det komande året vil gå fram av *Grønt hefte*, som ligg ved framlegget til statsbudsjett som kjem i oktober. Dersom vedtaket blir sett i verk raskare, vil rammetilskotet ikkje byggje på oppdaterte kriteriedata, og då er det fare for at éi eller fleire av einingane blir underfinansierte.

Ei kommunesamanslåing kan gjerast midt i ein valperiode, sjølv om det ofte kan vere tenleg å knyte ei samanslåing til eit ordinært kommunestyre- eller fylkestingsval.

4. VERKNADER AV SAMANSLÅING OG ANDRE GRENSEENDRINGAR

4.1 Innleiing

Eit vedtak om grenseendring vil medføre ei rekkje endringar som enten følgjer direkte av lova, til dømes reglar om skattesatsar, eller reglar som følgjer av resolusjonar som blir vedtekne i samband med gjennomføringa av endringa. Inndelingslova §§ 12-16 gir reglane om kva direkte følgjer ein inndelingssak har.

4.2 Skatteplikta til innbyggjarane ved grenseendring. Inndelingslova § 12

§ 12 *Skatteplikt o.a.*

Når det med verknad frå byrjinga av eit kalenderår er gjennomført samanslåing av to eller fleire kommunar eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, blir alle skattepliktige i eit distrikt som tidlegare har danna ein sjølvstendig kommune, ved den første likninga etter samanslåinga eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, å ilikne kommuneskatt etter dei skattesatsane som i dette distriktet blei lagde til grunn ved fastsetjinga av forskot på skatt for vedkomande inntektsår. Dette gjeld likevel ikkje dersom kommunestyret i vedkomande distrikt før samanslåinga eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, har gjort vedtak om at det ved likninga skal nyttast andre skattesatsar, og slikt vedtak er godkjent av Fylkesmannen.

Før samanslåing eller deling som nemnt i første ledd blir sett i verk, skal kommunestyret i den nye kommunen eller kommunane gjere vedtak om kva skattesatsar som skal nyttast ved berekning av forskot på skatt for det komande inntektsåret for alle forskotpliktige skatteytarar i den nye kommunen. Vedtaket må gjerast innan den fristen som er fastsett av Fylkesmannen. Dersom fristen ikkje blir halden, skal Fylkesmannen avgjere kva for satsar som skal brukast.

Når eit område blir overført frå ein kommune til ein annan med verknad frå byrjinga av eit kalenderår, blir alle skattepliktige i dette området å ilikne kommuneskatt til den kommunen som avstår området, ved likning som gjeld inntektsåret før overføringa.

Person som 1. november er busett i eit område som frå 1. januar i det etterfølgjande året på grunn av grenseendring kjem inn i ein annan kommune, blir rekna som busett i denne kommunen når det gjeld skatteplikta for det inntektsåret som byrjar den nemnte 1. januar, jf skattelova § 3-1 andre ledd.

Inndelingslova § 12 gjeld for samanslåing og i dei tilfelle der ein kommune eller eit fylke blir delt og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke. § 12 regulerer ikkje overgangssituasjonen i høve til eigedomsskatt. I staden har Kongen heimel i

derogasjonsfullmakta i § 17 bokstav d til å gjere unntak frå reglar om fristar og vilkår for å krevje inn eigedomsskatt.

4.3 Verknader for lokale forskrifter, vedtekter og planvedtak

§ 13 Lokale forskrifter, vedtekter og planvedtak

Ved samanslåing og deling av kommunar eller fylke gjeld lokale forskrifter og vedtekter framleis for vedkomande område inntil dei blir endra. Departementet fastset ein nærmare frist for når det lokale regelverket må vere vurdert med sikte på nødvendig endring.

Ved grensejustering skal forskrifter og vedtekter i den utvida kommunen straks gjelde for det overførte området.

Ei grenseendring har ikkje verknad for kommunale og regionale arealplanar som er utarbeidde etter reglane i plan- og bygningsloven. For andre planvedtak kan departementet gi nærmare reglar om verknad av grenseendringa, mellom anna fristar for revisjon av planvedtaka.

Ved samanslåing og deling av kommunar og fylkeskommunar gjeld lokale forskrifter og vedtekter framleis for vedkomande område inntil dei blir endra, jf. § 13 første ledd.

Med lokale forskrifter og vedtekter meiner ein både reglar som den einskilde kommune kan fastsetje og reglar som fylkeskommunen eller statlege organ fastset for eitt einskild fylke, ein einskild kommune eller for andre geografisk område som er mindre enn heile landet. Døme på lokale reglar som er omfatta av prinsippet her er politivedtekter, opningstidsvedtekter, vedtekter om selje- og skjenketider etter alkohollova, vedtekter etter plan- og bygningslova, vedtak om hamneavgift, satsar for eigedomsskatt og andre betalings- og avgiftsregulativ, lokale fiske- og jaktforskrifter (når desse er geografisk avgrensa) og avfallsforskrifter.

Departementet fastset ein nærmare frist for når det lokale regelverket må vere vurdert med sikte på nødvendig endring. Det er ikkje sett nokon frist for tilpassing av det lokale regelverket, men det følgjer av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at dette bør som hovudregel gjerast i løpet av det første året etter at samanslåinga eller delinga er sett i verk.

Kongen kan med heimel i § 17 anna ledd bokstav b gjere unntak frå eventuelle lovbestemte fristar for å sikre fleksibilitet i kvart einskilde tilfelle.

Etter § 13 andre ledd vil forskrifter og vedtekter i den utvida kommunen, ved ei grensejustering, straks bli gjeldande for det overførte området. Eventuelle overgangsproblem kan løysast ved bruk av Kongen si fullmakt etter § 17 til å gjere unntak frå gjeldande lovgiving.

Ein arealplan i § 13 tredje ledd vil vere reguleringsplan, arealdel til fylkesplan, kommuneplanen sin arealdel og utbyggingsplan etter plan- og bygningslova § 28-2. Grenseendringa har ikkje verknader for arealplanar som er stadfesta eller vedtekne etter

reglane i plan- og bygningslova på iverksetjingstidspunktet for grenseendringa. Dersom det er framsett motsegn til ein arealplan frå statleg organ eller fylkeskommunen og saka er til mekling hos fylkesmannen eller ligg hos departementet til avgjerd, vil ikkje § 13 innebere noko krav om at kommunen må vedta planen på nytt. Dersom den nye eininga seinare ønskjer å endre arealplanane, må dette skje etter reglane i plan- og bygningslova.

”Andre planvedtak” som nemnt i § 13 tredje ledd siste punktum er til dømes kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplan etter kommunelova.

4.4 Bortfall av statlege avgifter. Inndelingslova § 14

§ 14 Bortfall av statlege avgifter

I samband med disposisjon som er ei direkte følgje av grenseendring etter lova her skal det ikkje betalast dokumentavgift etter § 6 i lov 12. desember 1975 nr. 59 om dokumentavgift, tinglysingsgebyr etter § 21 i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr eller omregistreringsavgift etter § 1 i lov 19. juni 1959 nr. 2 om avgifter vedrørende motorkjøretøyer og båter.

Grenseendringar kan føre til overføring av eigedomar og materiell frå ein kommune til ein annan. Dette vil løyse ut visse statlege avgiftskrav, til dømes omregistreringsavgift for køyretøy og dokumentavgift ved tinglysing av heimelsoverføring av fast eigedom. Av § 14 går det fram eit prinsipp om avgiftsfritak ved samanslåing, grensejustering og deling av kommunar eller fylke. Avgiftsfritaket vil i utgangspunktet omfatte både kommunale, fylkeskommunale og statlige organ. Avgiftsfritaket gjeld utan omsyn til om grenseendringa skjer på grunnlag av semje eller ikkje. Statlege avgifter som nemnt i § 14 skal altså ikkje krevjast inn.

Etter føretaksregisterlova skal forretningskommune for ulike selskap, føretak og samanslåingar registrerast. Registrering av nytt kommunenamn fører likevel ikkje med seg gebyr etter rettsgebyrloven, ettersom denne typen endring av firma opplysingar ikkje inneber plikt til kunngjering.

Den praktiske verknaden av ein regel om avgiftsfritak vil derfor vere at ein ikkje kan krevje inn avgifts- og tinglysningsgebyr for heimelsoverføring og andre omregistreringar som er ei direkte følgje av grenseendringa.

4.5 Verknader for interkommunalt samarbeid. Inndelingslova § 16

§ 16 Verknad for interkommunalt samarbeid

Kommunar og fylkeskommunar som er med i interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27, lov om interkommunale selskap eller kommunal særlovgiving, kan innan eitt år frå iverksetjing av ei grenseendring seie opp deltakarforholdet sitt med ein

frist på seks månader. Innan den same fristen kan også kvar av partane krevje at vedtektene for samarbeidet eller selskapsavtalen blir vurderte på nytt. Reglane i kommunelova § 27 om å gå ut av interkommunalt samarbeid og reglane i lov om interkommunale selskap § 30 om å gå ut av interkommunale selskap, gjeld elles tilsvarande i slike tilfelle.

I samband med grenseendringar gir § 16 ein kortare frist enn det som elles gjeld for krav om oppseiing av deltaking i interkommunalt samarbeid basert på reglane i kommunelova § 27 og lov om interkommunale selskap. Det er òg gitt forkorta frist for å setje fram krav om revidering av vedtektene/selskapsavtalen. Oppseiingsfristen i perioden frå iverksetjingstidspunktet for grenseendringa og eitt år framover skal vere på seks månader. § 16 andre punktum slår fast at den same fristen gjeld for å setje fram krav om endring av vedtektene eller selskapsavtalen.

Det er berre gjort unntak frå fristane i dei nemnde lovene. Dei andre reglane i kommunelova § 27 og lov om interkommunale selskap § 30 om prosedyrar ved uttreden gjeld på same måte. Den forkorta fristen gjeld for alle deltakarane i samarbeidet/selskapet, ikkje berre dei som er direkte involverte i grensesaka.

4.6 Robek-status ved samanslåing. Inndelingslova § 16 a

§ 16 a Robek-status ved samanslåing

Dersom éin eller fleire av kommunane eller fylkeskommunane som skal slåast saman, oppfyller vilkåra i kommunelova § 60 nr. 1, kan departementet fram til samanslåinga blir sett i verk, bestemme at den nye kommunen eller fylkeskommunen skal følgje krava om godkjenning og kontroll i kommunelova § 60 nr. 1 og 2. Dette gjeld berre dersom kommunen eller fylkeskommunen ikkje kan ventast å dekkje inn meirforbruk frå før samanslåinga innan to år og det etter departementet si vurdering er behov for godkjenning og kontroll.

Kommunelova § 60 regulerer vilkårsbunden statleg godkjenning og kontroll av kommunar i økonomisk ubalanse. Formålet med føresegna er å kontrollere desse kommunane. Ein kommune skal først opp i ROBEEK dersom eitt eller fleire av vilkåra i kommunelova § 60 nr. 1 er oppfylte. Etter kriterium a og b skal kommunen registrerast i ROBEEK dersom kommunen har vedteke eit årsbudsjett eller ein økonomiplan utan at alle utgifter er dekte inn. Dersom eit meirforbruk skal dekkjast inn utover det påfølgjande året, skal kommunen meldast inn etter kriterium c. Ein kommune skal meldast inn i ROBEEK etter kriterium d dersom kommunen ikkje har følgd den vedtekte planen for å dekkje inn meirforbruket. Det følgjer av kriterium e at det er mogleg å melde kommunar inn i ROBEEK etter inndelingslova.

Inndelingslova § 16 a fastset korleis ein skal handsame ROBEEK-status på samanslåingstidspunktet. Problemstillinga er berre aktuell der éin eller fleire av kommunane som skal slå seg saman, er innmelde i ROBEEK før samanslåinga som følgje av eit meirforbruk i årsrekneskapen og inndeckninga av dette, jf. kriterium c eller d i kommunelova § 60. I dei tilfella der den nye kommunen vedtek eit årsbudsjett eller ein økonomiplan i ubalanse, følgjer ROBEEK-status for den nye kommunen på vanleg vis av kriterium a eller b i kommunelova § 60.

Departementet legg i forarbeida til grunn at den nye kommunen har ei plikt til å dekkje inn meirforbruket frå tidlegare år og følgje eventuelle forpliktande planar i dei gamle kommunane også etter ei samanslåing. Spørsmålet var om reglane om kontroll og godkjenning skulle gjelde for den nye kommunen på tidspunktet for samanslåing. Departementet la til grunn at ei eventuell innmelding av den nye kommunen i ROBEEK måtte følgje av ein ny regel om dette.

Inndelingslova § 16 a fastset at sjølv om éin eller fleire av dei opphavlege kommunane var i ROBEEK før samanslåinga, får ingen av dei nye kommunane automatisk ROBEEK-status. Det går fram av forarbeida at departementet la vekt på at berre kommunar med eit reelt kontrollbehov blir registrerte i ROBEEK. § 16 a gir departementet ei tidsavgrensa fullmakt til å vedta at ROBEEK-statusen skal først vidare dersom det framleis er eit behov for å kontrollere økonomien i den nye kommunen. Denne fullmakta har departementet delegert til fylkesmannen.

Det går fram av lovteksten at fylkesmennene har tidsrommet fram til samanslåinga blir sett i verk, til å bestemme om den nye kommunen skal meldast inn i ROBEEK eller ikkje. Dette gjer også at reglane blir meir føreseielege for kommunane. Departementet vil gi fylkesmennene rettleiing i korleis dei skal utøve skjønnet. Skjønnsvurderinga skal ta utgangspunkt i kor stort meirforbruket er. Dersom meirforbruket er så stort at den nye kommunen sannsynlegvis kjem til å måtte bruke meir enn to år på å dekkje det inn, tilseier det i utgangspunktet at kommunen må meldast inn i ROBEEK. Dersom meirforbruket ikkje er større enn at det blir dekt opp av fonda til den nye kommunen ved samanslåinga, er det som regel ikkje behov for å melde kommunen inn i ROBEEK.

4.7 Kommunesamanslåing og forkjøpsrett til aksjar.

Inndelingslova § 16 b

§ 16 b *Kommunesamanslåing og forkjøpsrett til aksjar*

Når aksjar skiftar eigar frå ein kommune til ein annan kommune eller frå éin fylkeskommune til ein anna fylkeskommune som følgje av samanslåing eller deling etter denne lova, gjeld ikkje reglane i aksjelova § 4-15 andre og tredje ledd og § 4-19 første ledd.

Etter aksjelova § 4-15 (3) og 4-19 (1) har aksjeeigarane rett til å ta over ein aksje som har skifta eigar, med mindre noko anna er fastsett i vedtektene. Alle former for eigarskifte utløyser denne forkjøpsretten, jf. aksjelova § 4-21 (1). Det følgjer av aksjelova § 4-15 (2) at samtykke frå selskapet er eit vilkår for erverv av aksjar, med mindre det er fastsett i vedtektene at det ikkje er krav om samtykke. Etter § 4-16 (1) er det i utgangspunktet styret som avgjer dette, og samtykke kan berre nektast når det er ein sakleg grunn for det.

Inndelingslova § 16 b om kommunesamanslåing og forkjøpsrett til aksjar klargjer det som tidlegare har vore ulovfesta praksis: i situasjonar med overføring av aksjar frå éin kommune til ein annan kommune som følgje av at kommunar blir slått saman eller delte, blir ikkje forkjøpsretten etter aksjelova utløyst. Føresegna klargjer rettstilstanden og gjer han føreseieleg for både kommunale aksjeeigarar og andre aksjeeigarar.

Det følgjer vidare av §16 b at kravet i aksjelova § 4-15 (2) om samtykke frå selskapet ikkje gjeld når aksjar skiftar eigar frå éin kommune til ein annan kommune som følgje av kommunesamanslåing eller kommunedeling. For å sikre at prosessen knytt til aksjeovergang i samband med kommunesamanslåing er smidig og føreseieleg, har det vore behov for å gjere unntak frå kravet om samtykke frå selskapet.

4.8 Fullmakter for Kongen. Inndelingslova § 17

§ 17 Fullmakter for Kongen til å gi nærmare reglar for å setje i verk vedtak og til å gjere unntak frå gjeldande lover og forskrifter

Kongen kan gi nærmare reglar for å sikre gjennomføring av vedtak om grenseendring etter denne lova.

Når det blir rekna som nødvendig for å gjennomføre vedtak om grenseendring, kan Kongen dessutan gjere unntak frå gjeldande reglar i lov eller forskrift. Unntak frå lov må knyttast til følgjande forhold:

- a) *reglar om lovpålagde organ i stat, fylkeskommune eller kommune*
- b) *reglar om lovfesta fristar, saksbehandlingsreglar o.a.*
- c) *reglar om forhold og vilkår for arbeidstakarar i stat, fylkeskommune eller kommune*
- d) *reglar om fristar og vilkår for å krevje inn eigedomsskatt.*
- e) *reglar om den inneverande kommunestyreperioden og om samansetjing av kommunestyret, slik at kommunane kan velje kommunestyret i den nye kommunen av og blant kommunestyra sjølv og korte ned kommunestyreperioden for dei som ikkje blir valte. Dei same unntaka kan gjerast for fylkestinga.*

4.8.1 Innleiing

Inndelingslova har i §§ 25-27 særskilte reglar for gjennomføringsfasen. Av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) går det fram at departementet meinte at det, for å sikre ei mest mogleg fleksibel gjennomføring av ulike typar grenseendringar, var nødvendig å gi Kongen fullmakt til å gjere visse unntak frå lovreglar. § 17 gir derfor Kongen fullmakt til å gjere unntak frå visse lovregler i samband med inndelingssaker. Vilkåret er at unntaket er naudsynt for å gjennomføre grenseendringar og at det fell inn under ein av de fem kategoriane i regelen.

4.8.2 Nærmare om fullmakt for Kongen

Inndelingslova § 17 første ledd gir Kongen fullmakt til å gi nærmare reglar for å sikre gjennomføring av vedtak om grenseendring.

Døme på vedtak Kongen kan gjere etter heimelen i § 17 første ledd er fastsetjing av nytt namn på ein kommune etter samanslåing, fastsetjing av dato for ekstraordinært kommunestyreval, fastsetjing av fristar for harmonisering av lokalt regelverk og liknande.

§ 17 andre ledd inneheld ein derogasjonsheimel som gir Kongen fullmakt til å gjere unntak frå gjeldande reglar i lov eller forskrift. Kongen kan berre gjere unntak når det "*blir rekna som nødvendig for å gjennomføre vedtak om grenseendring*". Vidare gjeld fullmakta berre for nærmare opprekna høve i bokstav a-e. Bakgrunnen for at fullmakta er avgrensa er omtalt i Ot. prp. nr. 76 L (2015–2016) s. 24: "*Maktfordelingsprinsippet og omsynet til at prosessar skal vere føreseielege for borgarane og andre rettssubjekt, tilseier at såkalla derogasjonsfullmakter skal tolkast snevert*".

Døme på unntak frå lovpålagte organ i § 17 andre ledd bokstav a kan vere å opprette felles organ etter kyrkjelovgivinga eller andre særlover for kommunar eller fylke som skal slåast saman.

Etter § 17 andre ledd bokstav b kan det gjerast unntak frå lovpålagte fristar, saksbehandlingsreglar o.a. Merknadane til bokstav b i Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) inneheld døme på unntak:

”Etter bokstav b kan det vere aktuelt å gjere unntak frå reglar som gjeld fristar kommunestyret har til å velje leddommarar, forliksråd og anna. (...) . Om ei samanslåing eller deling blir sett i verk frå eit anna tidspunkt enn årsskiftet, vil det vere nødvendig å gjere unntak frå reglar i kommunelova om konstituering av nytt kommunestyre og vedtak av årsbudsjett. Etter bokstav b kan det og vere aktuelt å gjere unntak frå fristreglar knytte til revisjon av kommunale eller fylkeskommunale planar (unntatt arealplanar), samt skatte- og avgiftsvedtak og liknande.”

Det følgjer av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at § 17 andre ledd bokstav c om unntaket frå arbeidsrettslege reglar er meint som ein trygginguventil. Heimelen inkluderer ikkje rett til å fråvike arbeidsmiljølova eller tenestemannslova som følgje av grenseendringar og heller

ikkje rett til å gjere unntak frå avtaler mellom arbeidstakarorganisasjonane eller staten som arbeidsgivar. Dette må i tilfelle skje etter forhandling mellom partane.

Etter § 17 andre ledd bokstav d har Kongen heimel til å gjere unntak frå reglar om fristar og vilkår for å krevje inn eigedomsskatt. Eigedomsskatt er ein frivillig skatt som kan innførast av kommunestyret når vilkåra i eigedomsskattelova § 3 (lov 6. juni 1975 nr. 29) er oppfylte. Finansdepartementet har tidlegare lagt til grunn at etter ei grenseendring kan den nye kommunen delast inn i fleire eigedomsskattesoner med ulike skattesatsar. Inndelinga må i så fall skje etter utbyggingsgraden i områda, slik at det blir fastsett ein lågare skattesats for område som berre er delvis utbygde på byvis enn for område som heilt er utbygde på bevis, jf. kriteria i § 3. Etter eigedomsskattelova § 10 skal kommunestyret kvart år i samband med budsjettet fastsette kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for det komande skatteåret.

Særleg om val ved samanslåing

I Prop. 76 L (2015–2016) s. 25 viser departementet til at det sidan 1970 i praksis har vore tre måtar å velje nytt kommunestyre ved ein grenseendring:

- *som ordinært kommunestyreval hausten før samanslåinga,*
- *som ekstraordinært kommunestyreval på same tidspunkt som stortingsvalet hausten før samanslåinga, eller*
- *kommunestyret blir valt av og mellom kommunestyremedlemmene i dei einskilde kommunane.*

Dersom ei samanslåing gjeld frå 1. januar året etter eit ordinært kommuneval, kan Kongen gjere dei naudsynte unntaka frå vallovgjevinga slik at innbyggjarane vel kommunestyret for den nye kommunen ved ordinært val (sjølv om kommunane ikkje er samanslåtte på valdagen). Det kan til dømes vere tale om å tilpasse reglar for manntalsføring og la innbyggjarar som skal overførast til ein annan kommune få gi stemme til den nye kommunen, slik at det ekstraordinære valet gjennomførast som om samanslåinga allereie er gjort. Heimelen for unntaka vil vere § 17 andre ledd bokstav a og b.

Det andre alternativet for val av nytt kommunestyre er å halde eit ekstraordinært kommunestyreval. Dette inneber at inneverande kommunestyreperiode må kortast ned for alle kommunestyremedlemmar i dei eksisterande kommunane. Også for dette alternativet følgjar heimelen for å gjere unntak frå vallovgjevinga av § 17 andre ledd bokstav a og b, i tillegg til at det må fastsetjast ein ekstraordinær valdag med heimel i § 17 første ledd. I Ot. prp. nr. 41 (2001–2002) s. 77 heiter det: "*Det har også ofte vist seg nødvendig å gjere unntak frå ulike fristreglar og andre teknisk prega reglar i vallovgivinga i samband med lokalval etter grenseendringar. Det kan mellom anna dreie seg om ein kortare valperiode enn dei vanlege fire åra, dersom ei samanslåing eller større grensejustering blir sett i verk på eit anna tidspunkt enn ved starten av ein ordinær kommunestyrevalperiode.*" Grensa for kva slags reglar det kan fastsetjast unntak frå, må tolkast ut frå formuleringa om at unntaket "blir rekna som nødvendig for å gjennomføre vedtak om grenseendring" i

§ 17 andre ledd første punktum. Av omsyn til valets legitimitet bør den ordinære vallovgjevinga følgjast så langt det passar.

Bokstav b stiller ikkje krav om at ekstraordinært kommunestyreval skal skje på same tidspunkt som stortingsval, men ifølge forarbeida kan det vere praktisk: *"Det kan vere praktisk å halde ekstraordinært kommunestyreval saman med stortingsval. Da blir valperioden for dei nyvalte representantane på berre to år."*

§ 17 andre ledd bokstav e regulerer det tredje alternativet for val av nytt kommunestyre. Regelen gjer Kongen heimel til unntak frå gjeldande reglar *"om den inneverande kommunestyreperioden og om samansetjing av kommunestyret slik at kommunane kan velje kommunestyret i den nye kommunen av og blant kommunestyra sjølve og korte ned kommunestyreperioden for dei som ikkje blir valte. Dei same unntaka kan gjerast for fylkestinga"*.

Ifølge forarbeida lovfestar bokstav e ein etablert praksis, jf. merknader til § 17 i Prop. 76 L (2015–2016). Forarbeida legg til grunn at eit indirekte val ikkje vil svekke lokaldemokratiet vesentleg: *"Departementet meiner at eit indirekte val mellom to ordinære kommunestyre- og fylkestingsval ikkje svekkjer lokaldemokratiet vesentleg når det skjer i samband med noko så ekstraordinært og sjeldan som ei samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar"*, jf. Prop. 76 L (2015–2016).

Ein føresetnad for slikt indirekte val av kommunestyre er at kommunane ønskjer det. Regelen krev at valet av medlemmar til det nye kommunestyret eller fylkestinget må gjerast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv. Det er ingen konkrete krav til korleis kommunestyret eller fylkestinget setjast saman, og bokstav e opnar for fleire praktiske tilnærmingar: *"Det er mogleg for kommunane og la den mindre av kommunane få relativt fleire representantar enn det som er matematisk likt. Kommunane kan og avtale at den politiske balansen i den eine kommunen ikkje blir fullt ut spegla av medlemmene som blir valte til det nye kommunestyret fram til neste ordinære kommunestyreval"*, jf. merknadane til § 17 i Prop. 76 L (2015–2016). Det er vidare ikkje noko formelt i vegen for at ein ny kommune kan fungere med alle dei valte representantane i eit nytt kommunestyre. Kommunelova § 7 nr. 2 inneheld berre eit minstetal på medlemmer i kommunestyret, og stiller krav om at medlemstalet skal vere eit oddetal.

Som ein oppsummering kan det nye kommunestyret veljast etter følgjande alternativ i kommunereformperioden:

- Samanslåing frå 1. januar 2018: ekstraordinært kommunestyreval saman med stortingsvalet i 2017. Kommunane kan også velje ei forkorta kommunestyreperiode og val av nytt kommunestyre av og mellom dei valte kommunestyra.
- Samanslåing frå 1. januar 2019: forkorta kommunestyreperiode og val av nytt kommunestyre av og mellom dei valte kommunestyra. (Ekstraordinært kommunestyreval blir rekna som lite aktuelt her, når det berre er att eit år til ordinært val.)
- Samanslåing frå 1. januar 2020: ordinært kommunestyreval i 2019.

Kommunestyret i ein samanslått kommune blir konstituert før samanslåinga på same måte som nyvalte kommunestyre etter ordinære kommunestyreval, jf. kommunelova § 17. Inndelingslova § 27 seier at ”det nyvalte kommunestyret eller fylkestinget kallast saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad. Leiaren av fellesnemnda kallar saman og leier møtet inntil ny ordførar er valt. Elles gjeld reglane i kommunelova § 17 nr. 1 til 3 om konstituerande møte o.a. i kommunestyre og fylkesting.” Inndelingslova § 27 fastset at funksjonsperioden og rolla for dei opphavlege kommunestyra ”varer inntil tidspunktet for iverksetjing av samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. Deira ansvar og fullmakter er likevel avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane.” Departementet vil gjere desse føringane gjeldande også ved samanslåingar der kommunestyreperioden blir forkorta og det nye kommunestyret blir valt av og mellom dei valte kommunestyra hausten før ein samanslåing.

5. SÆRLEGE REGLAR FOR GJENNOMFØRINGSFASEN

5.1 Innleiing

Med ”gjennomføringsfasen” er her meint perioden mellom nasjonalt vedtak om kommunesamanslåing og/eller kommunedeling og sjølv iverksetjinga av vedtaket. Inndelingslova har i §§ 25-27 særskilte reglar for gjennomføringsfasen. Etter § 25 skal det kallast saman til eit felles kommunestyremøte eller fylkestingsmøte så snart som mogleg etter at det er gjort vedtak om samanslåing eller der ein kommune eller eit fylke blir delt og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.

Inndelingslova § 26 seier at det ved samanslåing og prosessen der ein kommune eller eit fylke blir delt og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke, skal opprettast ei fellesnemnd til å samordne og førebu samanslåinga og delinga.

5.2 Felles kommunestyre og fylkestingsmøte. Inndelingslova § 25

§ 25 Felles kommunestyre og fylkestingsmøte

Når det er gjort vedtak om samanslåing av to eller fleire kommunar eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra. Ved samanslåing eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, kallar departementet saman kommunestyra dersom kommunane ligg i ulike fylke. Ved samanslåing eller deling av fylke som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, kallar departementet saman fylkestinga. Departementet kan gjere unntak frå kravet om slikt felles møte. På slike fellesmøte skal følgjande saker drøftast:

- a) forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket*
- b) talet på medlemmer i det nye kommunestyret eller fylkestinget*

c) kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i denne lova

d) val av revisor for verksemda i fellesnemnda

e) oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Fylkesmannen skal kalle inn til eit felles kommunestyremøte. Om saka gjeld samanslåing av to fylke eller kommunar som ligg i ulike fylke, skal departementet kalle inn til møtet. Opplistinga i § 25 er eit minstekrav til tema kommunane/fylka må diskutere i eit felles møte. Det kan òg vere aktuelt å drøfte andre saker som er viktig for den einkilde samanslåinga. I fellesmøtet mellom kommunane skal det ikkje treffast vedtak. Møtet er av prosessleiane karakter. Diskusjonspunkta som blir diskutert på fellesmøtet må følgjast opp med vedtak i dei einkilde kommunestyra.

Etter kommunelova § 7 gjer kommunestyret eller fylkestinget sjølv, med verknad frå neste valperiode, vedtak om kor mange representantar som skal veljast. Denne regelen kan ikkje brukast i ein samanslåingssituasjon eller der ein kommune eller eit fylke blir delt og dei einkilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke. Kongen/departementet vil ha mynde til å fastsetje medlemstalet for den første perioden etter samanslåinga eller delinga, med heimel i inndelingslova § 17 andre ledd.

For at kommunane/fylkeskommunane skal kunne gi frå seg mynde til fellesnemnda, jf. § 26, må reglementet for fellesnemnda vedtakast i kvar einkilde kommune/fylkeskommune. Ei drøfting i fellesmøtet av samansetjinga av og funksjonane til fellesnemnda, vil likevel vere med på å gi retning og skape føresetnader for ein rask og smidig prosess i det vidare arbeidet med reglementet for fellesnemnda.

Formålet med møtet er å legge godt til rette for ein rask og smidig prosess, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000–2001):

"I fellesmøtet mellom kommunane skal det ikkje treffast vedtak. Møtet er av prosessleiane karakter. Etter kommunelova § 3 er det Kongen som gjer endeleg vedtak om endringar i kommunane sine namn.... Fråsegna frå fellesmøtet vil ikkje vere ei endeleg avgjerd, men ei tilråding som det vil vere naturleg å leggje stor vekt på."

Dersom det skulle oppstå situasjonar med ulike eller motstridande vedtak i dei forskjellige kommunestyrene, vil det derfor ikkje påverke Stortingets eller Kongens vedtak om samanslåing. Departementet viser til at Kongen etter kommuneloven § 3 nr. 3 avgjer namnet på kommunen. Vidare har Kongen etter inndelingslova § 17 første ledd heimel til å gi nærmare reglar for å sikre gjennomføringa av vedtak om grenseendring.

Tidlegare har praksis vore at det gjennomførast to nasjonale vedtak ved ei kommunesamanslåing. Først skal det gjerast vedtak om at kommunane skal slå seg saman, anten av Stortinget eller av Kongen. Deretter kallar fylkesmannen saman til eit felles kommunestyremøte. Der drøftar kommunane mandatet til fellesnemnda som skal stå for gjennomføringa, og framlegg til namn på den nye kommunen, sjå § 25. Etter det felles

kommunestyremøtet blir det gjort eit nytt nasjonalt vedtak om mellom anna namnet på den nye kommunen (sjå kommunelova § 3) og unntak frå statleg regelverk i samband med gjennomføringa (typisk unntak frå reglane i vallova) etter inndelingslova § 17.

På bakgrunn av Stortinget sitt vedtak i 1995 om at kommunesamanslåingar skal vere frivillige, har det utvikla seg ein ny praksis. Alle naudsynte lokale vedtak og møte har vore gjennomførte før det blir søkt om samanslåing. Dermed har det berre vore behov for å gjere eitt nasjonalt vedtak som dekkjer både vedtaket om samanslåing og praktiske høve i samband med samanslåinga. Denne praksisen har vore mogleg på grunn av omfattande uformell kontakt administrativt og politisk mellom kommunane, fylkesmannen og departementet fram mot avgjerda lokalt. Ordninga med eit felles kommunestyremøte før lokale vedtak om samanslåing der alle spørsmål i lova blir handsama, byggjer på ein lang og samanhengande praksis under skiftande regjeringar. Kommunane har visst at vedtaka dei har gjort, blir følgde opp av Kongen. Praksisen har ført til at departementet har tilstrekkeleg informasjon til å fastsetje kommunenamnet i den same resolusjonen som slo kommunane saman.

Inndelingslova skal vere eit formålstenleg reiskap for inndelingsvedtak uavhengig av den til kvar tid gjeldande politikk på området. Lova bør framleis regulere situasjonar der nasjonale styresmakter kan treffe vedtak om nye grenser som ikkje er i tråd med lokale vedtak. I desse tilfella er det særleg tenleg med to separate nasjonale vedtak, det vil seie både før og etter at det blir avhalde felles kommunestyremøte, slik systemet i lova er.

Det er samstundes eit grunnleggande omsyn at kommunane ikkje bør påleggjast å gjennomføre meir omfattande formelle prosessar ved samanslåing enn naudsynt.

I tilfelle der kommunane før søknaden om samanslåing er blitt samde om alle dei praktiske tilhøva (namn og anna), er det ikkje behov for eit etterfølgjande felles kommunestyremøte. I inndelingslova § 25 er det no eit nytt fjerde punktum som opnar for at det i dei tilfella der det allereie ligg føre tilstrekkelege lokale vedtak i kvart kommunestyre, ikkje blir stilt krav om å halde eit felles kommunestyremøte etter det nasjonale vedtaket om samanslåing eller deling av kommunar som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. Kommunar kan dermed bli slått saman utan at det blir halde felles kommunestyremøte.

Departementet har delegert kompetansen til å gjere unntak frå kravet om felles kommunestyremøte til fylkesmannen. Denne avgjerda *kan* takast tidleg i prosessen, men må da byggjast på ein føresetnad om at kommunane blir samde om grenseendringa og spørsmåla i inndelingslova § 25 bokstav a til e.

Det følgjer av merknad til § 25 nytt fjerde punktum i Prop.76 L (2015–2016) s. 36 at *"Dersom Kongen eller Stortinget tek ei avgjerd som ikkje er i tråd med løysinga kommunane var samde om, må dei likevel halde felles kommunestyremøte etter det nasjonale vedtaket."* Der minst ein av kommunane har sagt nei til samanslåing, kan det altså ikkje gis unntak frå krav om felles kommunestyremøte.

Særleg om kommunenamn

Etter inndelingslova § 25 bokstav a skal fellesmøte drøfte forslag til namn på den nye kommunen eller det nye fylket. .

Kongen har fullmakt til å fastsetje namnet på kommunar, medan namnet på fylkeskommunane skal være det same som på namnet på fylket, sjå kommunelova § 3 nr. 3 og nr. 4. Namn på fylker er fastslått i lov om forandring av rikets inndelingsnavn § 2, slik at endring av fylkesnamn skjer ved endring av denne lova. Fullmakta i kommunelova til å fastsetje kommunenamn er ikkje delegert til departementet. Dermed må kommunenamn fastsetjast av Kongen i statsråd.

I høyringsnotatet om etterkontroll av inndelingslova frå 2012 blei høyringsinstansane spurte om ein burde innarbeide ei føring om unike kommunenamn. Departementet peikte på at unike namn kan gjere det lettare å byggje identitet og attkjenning kring namnet, samt det sjølvsegte at ein unngår misforståingar. Dei aller fleste høyringsinstansane var samd i forslaget om unike kommunenamn.

Departementet legg til grunn at ved framtidige kommunesamanslåingar skal nye kommunenamn være unike. Det vil seie at namnet ikkje må være nytta av ein annan kommune eller eit fylke. Dersom til dømes ein eller fleire kommunar som blir slått saman, har eit namn som blir nytta av ein annan kommune eller eit fylke, kan den samanslåtte kommunen ikkje nytte dette namnet.

Før avgjerd om kommunenamn blir teken, skal kommunen eller kommunane uttale seg.

I dei kommunane der det også kan vere aktuelt med eit samisk eller kvensk namn på kommunen, bør kommunen ha ein parallell prosess om val av dette namnet etter lov om stadnamn.

5.3 Fellesnemnda Inndelingslova § 26

§ 26 Fellesnemnd

Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune. Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret eller fylkestinget. Nemnda vel sjølv leiaren og nestleiaren i nemnda. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalte organ gjeld elles tilsvarande.

Kommunane eller fylkeskommunane kan også opprette eit felles partssamansett utval etter kommunelova § 25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.

Fellesnemnda kan gi eit arbeidsutval mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.

Reglane i kommunelova om møte- og talerett for ordførar, leiar av kommuneråd eller fylkesråd, administrasjonssjef og tilsette gjeld tilsvarande for nemnda. Reglane i § 59 om lovlegkontroll gjeld tilsvarande for avgjerder fellesnemnda tek.

Funksjonsperioden for fellesnemnda går ut når det nye kommunestyret eller fylkestinget er konstituert etter reglane i § 27.

5.3.1 Fellesnemnd

Inndelingslova § 26 første ledd gir pålegg om oppretting av eit bestemt folkevalt organ ved samanslåing og prosessen der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke (deling etter inndelingslova § 3 første ledd bokstav b). Kommunen eller fylkeskommunen som skal slutte å eksistere ved deling, kjem dermed til å velje representantar til minst to fellesnemnder. Det kommunestyret eller fylkestinget som skal slutte å eksistere, kan velje dei same personane til begge fellesnemndene.

5.3.2 Funksjonane til fellesnemnda

Fellesnemnda skal fungere som organ i perioden frå det er gjort vedtak om samanslåing og fram til samanslåinga blir sett i verk, i praksis frå eitt til to år. Departementet peika i Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) på at det ikkje er ønskjeleg å gi for mange og detaljerte lovreglar om samansetjing, funksjon og arbeidsoppgåver. Slike spørsmål bør drøftast og avgjerast av kommunane/fylkeskommunane sjølve. Slik føresegna er utforma er det

mogleg å gi nemnda relativt vide fullmakter. Nemnda skal ikkje få innverknad på drifta i dei eksisterande kommunane. Dei valte kommunestyra må vere ansvarleg for den daglege verksemda i kommunane så lenge kommunane består som sjølvstendige einingar.

Etter § 26 første ledd skal medlemmene i fellesnemnda veljast av og blant medlemmane i kommunestyra eller fylkestinga. Dermed er nemnda knytt tett til dei ansvarlege organ i kvar ein skilde kommune. I parlamentarisk styrte kommunar og fylkeskommunar kan også medlemmer i kommunerådet eller fylkesrådet veljast inn i fellesnemnda.

Det har vore stilt spørsmål om varamedlemmer til kommunestyret kan veljast som varamedlem i fellesnemnda etter gjeldande rett. Departementet tolkar § 26 første ledd slik at regelen ikkje er til hinder for ei slik løysing. Merknadene til § 26 i Ot. prp. nr. 41 (2000–2001) tek berre føre seg fellesnemndas medlemmer: *"Det er viktig at nemnda er tett knytt til dei ansvarlege organ i kvar enkelt kommune, og medlemmene skal derfor veljast av og blant medlemmene i kommunestyra eller fylkestinga."* (Departementets understrekningar). Vidare gjer forarbeida uttrykk for at det ikkje er ønskeleg med omfattande regulering av fellesnemndas samansetjing.

Også reelle omsyn talar for departementets tolking. Dersom § 26 skulle tolkast slik at fellesnemndas varamedlemmer må vere medlemmer av kommunestyret, vil det ofte vere vanskeleg å oppretthalde balansen mellom dei forskjellige partia i fellesnemnda. Særleg gjeld dette for parti som berre har eit medlem i kommunestyret. Formuleringa i forarbeida om at nemnda bør vere tett knytt til dei ansvarlege organ i kvar enkelt kommune, bør også ha vekt ved val av varamedlemmer til fellesnemndas. Det kan derfor ikkje veljast varamedlemmer til fellesnemnda som ikkje er medlem eller varamedlem i kommunestyret.

Det følgjer av § 26 første ledd siste punktum at reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalte organ elles gjeld tilsvarende ved samansetjing av fellesnemnda. Kommunelova har reglar om balanse mellom talet på kvinner og menn i folkevalte organ. Dette kravet knyter seg ikkje til den totale samansetjinga av fellesnemnda, men kravet knyter seg til val av fellesnemnd i den ein skilde kommunen. Så lenge kommunane følgjer valreglane i kommunelova, vil fellesnemnda ikkje vere ulovleg samansett sjølv om ikkje begge kjønna er representert med minst 40 prosent.

Departementet har i rettleiaren "Lovlighetskontroll etter kommuneloven § 59", H-2299, gitt uttrykk for at fylkesmannen bør nytte sin kompetanse til å kontrollere om kommunale vedtak er lovlege på eige initiativ etter kommuneloven § 59 nr. 5 med varsemnd.

Etter § 26 andre ledd kan kommunane eller fylkeskommunane også opprette eit felles partssamansett utval etter kommunelova § 25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette. Det følgjer av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at det vil kunne vere behov for eit partssamansett utval allereie tidleg i prosessen.

Etter § 26 tredje ledd skal fellesnemnda ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet første driftsåret etter samanslåinga eller delinga som er sett i verk. Etter § 26 tredje ledd andre punktum skal nemnda i sin verkeperiode gi fråsegn

til departementet om årsbudsjetta og økonomiplan for dei kommunane eller fylkeskommunane det gjeld. Fellesnemnda har altså mynde til å ta hand om det førebunde arbeidet med å rullere økonomiplanen, på same viset som budsjettet, i det siste året før samanslåinga eller der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.

Det er opp til kommunane eller fylkeskommunane sjølve å bli samde om kva oppgåver og fullmakter fellesnemnda skal ha i tillegg til dei som er gitte i lova, jf. § 26 fjerde ledd første punktum. Lovforarbeida uttaler at det ikkje bør gå for lang tid før den nye kommunen er operativ. Kommunestyra eller fylkestinga bør og ta stilling til omfanget av budsjett til fellesnemnda og i kva grad nemnda skal kunne inngå avtalar på vegner av den nye kommunen. Det kan vere praktisk at fellesnemnda førebur og inngår avtaler om leige av kontorlokale, innkjøp av utstyr med vidare.

Om kommunane ikkje greier å kome til semje om kva reglementet for fellesnemnda skal innehalde, kan kvar av partane bringe saka inn for departementet til avgjerd, jf. § 26 fjerde ledd andre punktum.

I Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) står følgjande om § 26 fjerde ledd andre punktum:

”Det ikkje er meininga at alle slags stridsspørsmål skal kunne bringast inn for departementet. Det må vere spørsmål av vekt, som det er viktig å bli samde om før arbeidet kan gå vidare. Partane må sjølve kome med framlegg til løysing. Det er ikkje meininga at departementet skal opptre som meklar.”

Etter § 26 femte ledd kan fellesnemnda få delegert mynde til å tilsetje personell i den nye eininga, og til å bli den nye arbeidsgivaren for dei tilsette i kommunane eller fylkeskommunane. Nemnda kan også, trass i delegasjonsforbodet i kommunelova, få mynde til å tilsetje revisor og administrasjonssjef i den nye eininga. Slik delegasjon må takast inn i reglementet. Fellesnemnda kan etter § 26 femte ledd fjerde punktum få delegert mynde til å inngå avtale med ein ny revisor, føre vidare deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller føre vidare ein avtale med ein annan revisor. Det same gjeld for kontrollutvalssekretariatet. Slike vedtak skal skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala.

Etter § 26 sjette ledd kan fellesnemnda gi eit arbeidsutval mynde til å gjere vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.

Reglane i kommunelova om møte- og talerett for ordførar, leiar av kommuneråd eller fylkesråd, administrasjonssjef og tilsette gjeld på same måte for nemnda. Reglane i § 59 om lovlegkontroll gjeld på same måte for avgjerder fellesnemnda tek, jf. § 26 sjuande ledd.

Etter inndelingslova § 26 åttande ledd går funksjonsperioden for fellesnemnda ut når det nye kommunestyret eller fylkestinget er konstituert etter reglane i § 27. Når kommunestyret for den nye eininga er valt, er det ikkje lenger behov for ei fellesnemnd, og verksemda i denne må såleis stanse. Det er det nyvalte formannskapet eller

fylkesutvalet som skal gi innstilling til årsbudsjett og økonomiplanen til kommunestyret eller fylkestinget på grunnlag av førebuingane fellesnemnda har gjort.

5.4 Konstituering av nytt kommunestyre eller fylkesting. Inndelingslova § 27

§ 27 Konstituering av nytt kommunestyre eller fylkesting

Når det er gjennomført val til kommunestyre eller fylkesting i løpet av september måned året før ei samanslåing eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, blir sett i verk, skal det nyvalte kommunestyret eller fylkestinget kallast saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober måned. Leiaren av fellesnemnda kallar saman og leier møtet inntil ny ordførar er valt. Elles gjeld reglane i kommunelova § 17 nr. 1 til 3 om konstituerande møte o.a. i kommunestyre og fylkesting.

Funksjonsperioden for kommunestyra og fylkestinga i dei kommunane og fylkeskommunane som skal slåast saman, varer inntil tidspunktet for iverksetjing av samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. Deira ansvar og fullmakter er likevel avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane.

I det konstituerande møtet skal det veljast formannskap/fylkesutval, ordførar og varaordførar. Etter kommunelova bør det veljast medlemmer og leiarar til nemnder i det konstituerande møtet. Det er gunstig om det nye kommunestyret eller fylkestinget kan gjere vedtak om politisk og administrativ organisering, slik at den nye eininga kan bli operativ så snart som råd. Om det er mogleg å gjere slike vedtak før årsskiftet, vil avhengje mykje av den tilrettelegginga fellesnemnda har gjort, noko som vil kome an på kva fullmakter nemnda har hatt. Ei samanslåing vil normalt bli satt i verk ved eit årsskifte. Dette inneber at det nyvalte kommunestyret eller fylkestinget ikkje har ei fullstendig oppgåveportfølje dei første to månadene. Før årsskiftet skal det treffe vedtak om budsjett for det første driftsåret.

Det nye kommunestyret eller fylkestinget skal godkjenne rekneskapane for det siste driftsåret i dei opphavlege kommunane eller fylkeskommunane. Fristen for å godkjenne rekneskapane er utgangen av juni, sjå § 10 i forskrift 15. desember 2000 nr. 1424 om årsregnskap og årsberetning.

Det nye kommunestyret eller fylkestinget kan ikkje treffe vedtak som bind dei eksisterande einingane i deira siste driftsår. Her bør fullmaktene framleis ligge hos dei ”gamle” kommunestyra eller fylkestinga inntil samanslåinga er sett i verk. Tilsvarande må myndig og ansvar for det sitjande kommunestyret eller fylkestinget vere avgrensa til det som er nødvendig for å avvikle verksemda i dei eksisterande einingane. Funksjonstida for det sitjande kommunestyret eller fylkestinget varer inntil samanslåinga blir sett i verk. Sidan samanslåingar normalt blir sette i verk ved årsskiftet, inneber dette at funksjonstida

blir forlenga om valet blir halde saman med ordinære lokalval, medan ho blir forkorta om det blir halde ekstraordinært val før den ordinære kommunestyreperioden går ut.

Det kan innførast parlamentarisk styringsform i den nye eininga dersom spørsmålet har vore behandla i alle aktuelle kommunestyre eller fylkesting etter reglane i kommunelova § 18 nr. 2, det vil seie før 31. desember i nest siste år av valperioden. Kongen kan fastsetje ein annan frist med heimel i § 17. Dersom alle involverte partar i ei samanslåingssak har hatt parlamentarisk styreform, vil denne styringsforma kunne førast vidare utan særleg vedtak. Situasjonen kan òg vere at nokre, men ikkje alle, kommunane har innført parlamentarisme. I slike tilfelle må dei som ikkje har slik styringsform, kunne påleggjast å handsame spørsmålet etter dei allmenne reglane i kommunelova § 18. Fellesnemnda bør ha fullmakt til å kunne ta dette opp med kommunane eller fylkeskommunane, elles vil ikkje den nye eininga ha råderett over spørsmålet om styringsform den første perioden. Departementet kan gi slikt pålegg med heimel i inndelingslova § 17 første ledd.

6. ØKONOMISK OPPGJER ETTER GRENSEJUSTERING OG DELING

6.1 Innleiing

Inndelingslova har reglar i kapittel V for økonomisk oppgjer mellom kommunane. Økonomisk oppgjer mellom kommunar skal skje ved grensejustering og deling. Ved samanslåing trengst det ikkje reglar om økonomisk oppgjer.

Utgangspunktet er at kommunane på eiga hand skal prøve å kome fram til ein avtale om det økonomiske oppgjeret. Dersom dei er usamde, kan dei be fylkesmannen om rettleiing, jf. § 18 første ledd. Dersom kommunane ikkje blir samde, blir det økonomiske oppgjeret fastsett av ei fast skjønnsnemnd oppretta av departementet, jf. § 18 andre ledd.

6.2 Avtale om det økonomiske oppgjeret. Inndelingslova § 18

§ 18 *Avtale om økonomisk oppgjer*

Ved grensejustering og deling av kommunar og fylke skal det gjennomførast økonomisk oppgjer mellom kommunane og fylkeskommunane, dersom dei ikkje finn det unødvendig. Kommunane kan be Fylkesmannen om hjelp til å forhandle fram ein avtale om det økonomiske oppgjeret.

Dersom partane ikkje blir samde om det økonomiske oppgjeret, skal det gjennomførast ved skjønn. Ved skjønnet skal reglane i §§ 19-22 leggjast til grunn.

Kommunane eller fylkeskommunane avgjer sjølve om det er behov for eit økonomisk oppgjer. Fylkesmannen skal yte hjelp til å få i stand ei avtale om det økonomiske oppgjeret, dersom kommunane er samde i å be om hjelp til det. Fylkesmannen si oppgåve

vil då vere å rettleie kommunane i prosessen. Fylkesmannen har derimot ikkje noka plikt til å fungere som meklar i denne prosessen, utan at både fylkesmannen og partane ønskjer det.

Inndelingslova § 18 andre ledd fastslår at om ikkje partane blir samde om det økonomiske oppgjeret, skal det fastsetjast ved skjønn. Det følgjer av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at det er ein føresetnad at kommunane først gjer det dei kan for å kome til semje.

Nærmare reglar om samansetjinga av skjønnsnemnda og overskjønnsnemnda er gitt i §§ 23 og 24. Materielle reglar og kriterium som skal leggjast til grunn ved skjønnet er gitt i §§ 19-22. Desse reglane er det naturleg å ta utgangspunkt i når kommunane og fylkeskommunane og eventuelt fylkesmannen arbeider med å kome fram til ein avtale. Dei er likevel ikkje bundne til å leggje dei til grunn for ein avtale.

Om kraftinntekter

Økonomiske konsekvensar knytte til kraftinntekter kan blokkere for grenseendringar.

I høyringsnotat om etterkontroll av inndelingslova med høyringsfrist 10. oktober 2012, blei det høyrd tre hovudalternativ og eit tilleggs spørsmål til erstatning for avtalefridomen ved det økonomiske oppgjeret for kommunar med store kraftinntekter.

Departementet konkluderte på bakgrunn av høyringsvara at ordninga med avtalefridom skal oppretthaldast også for kommunar med store kraftinntekter, sjå kapittel 3 i Prop. L 109 (2012–2013) Endringar i inndelingslova.

6.3 Oppgjer etter grensejusteringar. Inndelingslova § 19

§ 19 Grensejusteringar

Blir eit område skilt ut frå ein kommune eller eit fylke og lagt til ein annan kommune eller eit anna fylke, skal den retten som den første kommunen eller fylkeskommunen har til vegar, gater, bruar, offentlege plassar og annan forvaltningseigedom som fullt ut eller i svært stor grad tener vedkommande område, overførast til den andre kommunen eller fylkeskommunen.

Annan eigedom kan fordelast mellom kommunane eller fylkeskommunane, eller påbydast nytta i fellesskap, dersom dette er rimeleg og formålstenleg ut frå kommunale eller fylkeskommunale omsyn. Skjønnsnemnda, jf. § 23, avgjer i kva forhold delinga eller samarbeidet skal gå føre seg, og kan fastsetje nærmare vilkår.

Skjønnsnemnda kan avgjere at gjeld som ein kommune eller fylkeskommune har stifta i samband med kjøp av eller påkostnad på eigedom som nemnt i første og andre ledd, heilt eller delvis skal takast over av den kommunen eller fylkeskommunen eigdommen blir overført til. Eventuelt kan det fastsetjast at vedkommande kommune eller fylkeskommune skal betale vederlag for eigdommen i pengar.

Dersom det ikkje blir teke særskilt avgjerd, skal rettar og plikter som ikkje er fordelte etter første til tredje ledd i denne paragrafen, bli att hos den opphavlege kommunen eller fylkeskommunen.

Når eit område blir overført frå ein kommune til ein annan, går det fram av § 19 første ledd at den retten som den første kommunen har til vegar, gater, bruer, offentlege plassar og annan «forvaltningsmessig eigedom» som berre - eller for det aller meste - tener vedkomande område, skal overførast til den andre kommunen.

”Forvaltningseigedom som fullt ut eller i svært stor grad tener vedkommande område” i § 19 kan til dømes omfatte skulebygg som tener ein einskild skulekrins, lokale idrettsanlegg og leikeplassar. Det følgjer av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at opprekninga av forvaltningseigedom i § 19 første ledd ikkje er uttømmende.

Etter § 19 andre ledd kan ”annen eigedom” fordelast mellom kommunane eller påbydast brukt i fellesskap, dersom dette er rimeleg og formålstenleg ut frå kommunale omsyn. Skjønnsnemnda avgjer korleis ei eventuell fordeling eller samarbeid skal skje, og kan fastsetje nærmare vilkår, jf. § 23. Kva form eit eventuelt samarbeid skal ha, må også skjønnsnemnda ta stilling til. Formålet med slike samarbeidsordningar må først og fremst vere å ordne tilhøva i ein overgangsperiode.

Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) seier følgjande om inndelingslova § 19 andre ledd:

” «Annan eigedom» i andre ledd kan vere til dømes aksjar, verdipapir, skatterestansar, kinoar, el-verk eller sentralinstitusjonar og anlegg som tener heile kommunen eller ein større del av denne. Døme på det siste kan vere administrasjonsbygg, sjukehus og liknande. Såkalla finansformue er òg omfatta, det vil seie verdiar av privatøkonomisk art som er omsetjeleg og inntektsgivande. Det kan nemnast skog- og landeigedommar, sporvegar og annan fast eigedom som ikkje er kjøpt for å tene forvaltningsmessige formål.”

”Departementet føreset at skjønnsnemnda berre unntaksvis kan påby deling av eigedom som ikkje følgjer grunnen, slik andre ledd opnar for. Etablering av interkommunalt samarbeid vil ofte vere ei betre løysing. Formålet med samarbeidsløysingar må vere å ordne forholda i ein overgangsperiode, ikkje å etablere permanente arrangement. Skjønnsnemnda bør såleis ikkje etablere tingrettsleg sameige eller selskap eller interkommunalt samarbeid utan at det er fastsett ei nærmare tidsramme for samarbeidet. Om interkommunalt samarbeid er ønskjeleg ut frå nasjonale omsyn, kan Kongen påby det med heimel i kommunelova § 27.”

Inndelingslova § 19 tredje ledd gir skjønnsnemnda rett til å fastsetje at gjeld som kommunen har stifta i samband med kjøp eller påkostnad på eigedom, skal takast over av den kommunen der eigdommen ligg etter grenseendringa.

Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) seier at løysningen som § 19 tredje ledd legg opp til vil vere det mest naturlege i dei fleste situasjonar. Departementet skriv:

”At dette ikkje er slått fast som allmenn regel, er for å kunne gi fleksible løysingar i situasjonar der det til dømes er tatt opp gjeld kort tid før grenseendringa. Som eit anna alternativ kan det fastsetjast at det skal betalast pengevederlag for eigedommen som blir overført.”

For å gjere det heilt klart at all eigedom og alle pliktar som det ikkje er gjort særskilt vedtak om, blir att hos den opphavlege kommunen, er dette presisert i § 19 fjerde ledd. Det same prinsippet må gjelde når kommunane eller fylkeskommunane har kome til semje om ein avtale.

6.4 Oppgjer etter delingar. Inndelingslova § 20

§ 20 Delingar

Blir ein kommune eller eit fylke delt i to eller fleire kommunar eller fylke, eller blir ein kommune eller eit fylke delt og dei enkelte delane lagt til andre kommunar eller fylke, skal § 19 første ledd tilsvarende gjelde forvaltningseigedom som fullt ut eller i svært stor grad tener eitt bestemt område.

Annan eigedom og andre plikter blir å fordele mellom dei kommunar eller fylkeskommunar områda blir lagt til. Fordelinga blir gjort på grunnlag av eit forholdstal som blir rekna ut etter skatteinntektene i dei siste fem åra i kvart av områda, med mindre skjønnsnemnda av særlege grunnar fastset noko anna. Så fram det er mogleg, skal oppgjeret gjennomførast slik:

- 1. Fast eigedom blir lagt til den kommunen eller fylkeskommunen som må reknast som mest rettkomen til den ut frå folketalet og innbyggjarane sine behov og plasseringa av eigedommen - også i høve til andre anlegg.*
- 2. Gjeld blir fordelt i forhold til dei omsetjelege verdiane som blir overtekne.*
- 3. Andre tilgodehavande og plikter blir overtekne av den kommunen eller fylkeskommunen som etter forholda blir rekna som nærmast til å overta dei.*
- 4. Anlegg med rettar og plikter som det etter delinga ikkje er rimeleg at nokon enkelt kommune eller fylkeskommune tek over, kan påbydast nytta i fellesskap av to eller fleire av kommunane eller fylkeskommunane.*

Har nokon kommune eller fylkeskommune ved fordelinga av rettar og plikter teke over meir eller mindre enn det som følgjer av forholdstalet, skal det jamnast ut i pengar.

Ved deling held ei eining opp med å eksistere. Dette gjer det nødvendig med eit fullstendig oppgjer, med deling av alle typar eigedom, rettar og plikter.

Etter § 20 første ledd skal forvaltningseigedom fordelast på same måte som ved grensejustering, sjå omtalen til § 19.

§ 20 andre ledd slår fast at annan eigedom og andre plikter skal fordelast mellom dei aktuelle kommunane eller fylkeskommunane på grunnlag av eit forholdstal, som reknast

ut på grunnlag av skatteinntektene i dei siste fem åra i kvart av områda. Skatteinntekter omfattar inntektsskatt (frå privatpersonar og næringsdrivande), formuesskatt, naturressursskatt og eigedomsskatt. Om det kjem nye skatteformer, er det rimeleg å inkludere dei i utrekninga dersom det er direkte skatt for kommunane eller fylkeskommunane. Skjønnsnemnda kan likevel fråvike denne regelen dersom det føreligg særlege grunnar til å fastsette noko anna, jf. inndelingslova § 20 andre ledd andre punktum. Som døme på tilfelle nemner Ot.prp. nr. 41 (2000- 2001) at det kan vere at skatteinntektene ikkje alltid gir det beste og mest rettferdige utgangspunktet for utrekninga.

6.5 Erstatning. Inndelingslova § 21

§ 21 Erstatning

Dersom ein kommune eller fylkeskommune etter det oppgjeret som blir gjennomført i samsvar med §§ 19 eller 20, blir vesentleg svekt økonomisk, kan ein annan av kommunane eller fylkeskommunane, der det blir rekna som rimeleg, påleggjast å betale erstatning, som blir betalt med ein eingongssum eller i årlege ratar i ein viss overgangsperiode.

§ 21 gjeld både ved grensejustering og deling.

Etter ordlyden er det klart at ikkje alle tap skal dekkjast. Berre der ein kommune eller ein fylkeskommune etter det oppgjeret som er gjennomført i samsvar med §§ 19-20, blir svekt vesentleg økonomisk og der det er rekna som rimeleg, kan ein annan av kommunane eller fylkeskommunane påleggjast å betale erstatning. Erstatning kan bli utbetalt med ein eingongssum eller i årlege ratar i ein viss overgangsperiode.

Erstatningsregelen blir omtalt som ein tryggingssventil, og det er ikkje meininga at det skal vere spørsmål om erstatning i alle saker, jf. Ot.prp. nr. 41 (2000–2001).

Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) seier følgjande om § 21:

”Om tapet fører til vesentleg svekt økonomi må vurderast ikkje berre ut frå om kommunen eller fylkeskommunen kan halde oppe sin standard, men òg ut frå ei breiare analyse av den totale økonomien til kommunen/fylkeskommunen. Korleis inndelingsendringa vil påverke overføringane frå staten gjennom inntektssystemet og kva moglegheiter kommunen har for å tilpasse seg tapet, er døme på faktorar som må tilleggjast vekt.”

Det er òg krav om at det skal vere rimeleg at ein annan av kommunane dekkjer tapet. Også denne kommunen sin økonomiske situasjon må vurderast. Om kommunane er likeverdige med omsyn til skattetrykk og standard, vil det som regel ikkje framstå som rimeleg å påleggje ein kommune å betale erstatning til ein annan.”

6.6 Garantiar. Inndelingslova § 22

§ 22 Garantiar

Kommunal eller fylkeskommunal garanti for gjeld eller plikter som er knytte til fast eigedom eller bedrift, skal ved grensejustering og deling takast over av den kommunen eller fylkeskommunen der eigedommen eller bedrifta ligg etter grenseendringa.

Ved deling av kommunar eller fylkeskommunar skal garantiar for gjeld eller plikter som ikkje er knytte til fast eigedom eller bedrift, fordelast mellom dei nye kommunane eller fylkeskommunane etter forholdstalet for det økonomiske oppgjeret i det heile.

Hovudregelen etter § 22 når det gjeld kommunal garanti for gjeld som er knytt til fast eigedom eller bedrift, er at garantien blir overført saman med eigedommen eller bedrifta. Når ein kommune eller fylkeskommune blir delt, må ein òg fordele garantiansvar som ikkje er knytt til objekt som kan lokaliserast geografisk. Slike garantiar skal fordelast etter forholdstalet for det økonomiske oppgjeret i det heile og etter ei konkret vurdering av risiko i kvart einskild garantiforhold.

7. OM ØKONOMISK KOMPENSASJON FOR EINGONGSKOSTNADER

§ 15 Økonomisk kompensasjon

Ved samanslåing av kommunar eller fylke og deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, gir staten delvis kompensasjon for eingongskostnader som er direkte knytte til desse prosessane. I ein overgangsperiode gir staten også kompensasjon for bortfall av rammetilskot.

Ei samanslåing og deling der ein av kommunar ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke vil ha direkte økonomiske konsekvensar på to måtar:

- Eingongskostnader knytt til sjølve samanslåingsprosessen og dei akutte behova for den nye kommunen. Mellom anna vil det dreie seg om kostnader knytte til omstillingsprosessen, investeringar og samordning av IKT- system, nye rutinar for saksbehandling, flytting og leige av bygningar.
- Endringar i dei statlege overføringane gjennom inntektssystemet, dvs. basistilskotet for kommunar og eventuelt bortfall av regionaltilskotet. Samanslåing av fylkeskommunar vil ikkje få tilsvarande verknader gjennom inntektssystemet, men på same måten som kommunane vil også fylkeskommunen stå overfor eingongskostnader i samband med ein samanslåingsprosess.

Staten gir i § 15 delvis kompensasjon for eingongskostnader og i en overgangsfase bortfall av rammetilskot direkte knytt til samanslåingsprosessen og prosessen der ein kommune eller eit fylke blir delt, og dei einskilte delane blir lagde til andre kommunar eller fylke.

Kompensasjon for endra rammetilskot gis for ein overgangsfase. Lova seier ikkje kor lang tid dette er.

Kompensasjonsordningane gjeld utan omsyn til om samanslåinga skjer på grunnlag av semje eller ikkje.

For nærmare omtale av dagens praksis for økonomisk verkemiddel ved kommunesamanslåingar, sjå regjeringa.no.

8. SKJØNNSNEMND OG OVERSKJØNNSNEMND INDELINGSLOVA § 23

§ 23 Skjønnsnemnd og overskjønnsnemnd

Kommune eller fylkeskommune som er omfatta av grenseendring etter denne lova, kan innan eitt år etter at vedtaket er sett i verk, krevje at det økonomiske oppgjeret - eller delar av det - skal fastsetjast ved skjønn, så framt partane først har prøvd å kome til semje om eit økonomisk oppgjer.

Til å fastsetje slikt skjønn nemner departementet opp ei skjønnsnemnd på tre medlemmer med varamedlemmer. Nemnda skal ha ein funksjonsperiode på fire år.

Kvar av partane kan innan to månader etter at dei har teke i mot avgjerda til skjønnsnemnda, reise saka for ei overskjønnsnemnd til endeleg avgjerd. Departementet nemner opp overskjønnsnemnda, som skal ha tre medlemmer med varamedlemmer. Nemnda skal ha ein funksjonsperiode på fire år.

Leiarane i nemndene og deira varamedlemmer skal ha dei eigenskapane som er føreskrivne for dommarar, jf. domstolslova §§ 53 og 54 andre ledd. Reglane i domstolslova kapittel 6 om ugildskap gjeld tilsvarende for medlemmene av skjønnsnemnda og overskjønnsnemnda. Departementet avgjer spørsmål om ugildskap for leiarane i nemndene og deira varamedlemmer. Elles blir slike spørsmål avgjort av vedkomande nemndleiar.

8.1 Om skjønnsnemnd og overskjønnsnemnd

Det er ein føresetnad etter § 23 at partane først har prøvd å kome til semje om eit økonomisk oppgjer før dei fremjar krav om skjønn.

Kva nærmare som ligg i at partane først har prøvd å kome til semje om det økonomiske oppgjeret er ikkje fastsett i lova. Av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) følgjer at dei bør søkje å bli samde ved først å be fylkesmannen om hjelp til å forhandle fram ein avtale, jf. § 18 andre ledd. Dette er likevel ikkje nokon vilkår etter lova. Departementet legg til grunn at det ikkje kan gjelde eit strengt krav til kva som er tilstrekkeleg for å seie at partane har prøvd nok.

Etter § 23 andre ledd skal departementet nemne opp ei skjønnsnemnd på tre medlemmar med varamedlemmar. Alle medlemmene og varamedlemmene, ikkje berre leiarane, både til skjønnsnemnda og overskjønnsnemnda, skal oppnemnast for fire år om gongen.

Leiarane av nemndene og varaleiarane, skal etter § 23 fjerde ledd fylle dei krav som er sett til dommarar i domstolslova §§ 53 og 54, andre ledd. Det gjeld elles ikkje særlege krav til dei som skal nemnast opp til medlemmer og varamedlemmar i nemndene. Det går fram av Ot.prp. nr. 41 (2000–2000) at det likevel er ein føresetnad at dei som blir oppnemnde har god kjennskap til kommunesektoren.

Departementet kan ikkje instruere skjønnsnemnda verken i saksbehandlinga eller i vurderingane. Skjønnsnemnda si avgjerd kan ikkje påklagast til departementet.

8.2 Saksbehandling og dekning av kostnader ved skjønn

§ 24 Saksbehandling og dekning av kostnader ved skjønn

Den av partane som reiser ei sak for skjønnsnemnda til avgjerd, skal gi ei utgreiing om kravet sitt og dei faktiske forholda som kravet byggjer på. Nemnda skal innhente synspunkt frå motparten og kan elles påleggje kvar av partane å kome med ytterlegare opplysningar. Skjønnsnemnda bør så tidleg som mogleg kalle inn partane til ein konferanse der saka blir gjennomgått i hovudtrekk og det elles blir teke nødvendige avgjerder om behandlinga av saka.

Skjønnsnemnda og overskjønnsnemnda fastset spørsmålet om dekning av kostnader, mellom anna om fordeling av utgiftene mellom partane når dette synest rimeleg. Departementet svarer for godtgjersle og andre utgifter til medlemmene i nemndene. Departementet gir nærmare reglar om godtgjersle og utgiftsdekning.

Inndelingslova § 24 gir nemnda spelerom i den vidare behandlinga for å få til ein smidig, fleksibel og føremålstenleg prosess i den einskilde sak.

Skjønnsnemnda og eventuelt overskjønnsnemnda skal ta stilling til kven som skal bere kostnadene ved saka. Det følgjer av Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at spørsmålet om dekning av kostnadar i størst mogleg grad bør løysast i tråd med dei prinsippa som gjeld for rettssaker.

Avgjerda til overskjønnsnemnda er endeleg og kan ikkje ankast inn for dei ordinære domstolane, jf. § 23 tredje ledd første punktum.

9. LOVLEGKONTROLL AV BUDSJETTVEDTAK

§ 28 Lovlegkontroll

Departementet kan føre kontroll med lovlegheita av budsjettvedtaka i kommunar og fylkeskommunar når utgreiing om samanslåing eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i gang.

I Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) blei det peika på at erfaringar viser at særleg investeringar har ein tendens til å auke sterkt før vedtak om samanslåing blir sette i verk. Statleg kontroll i tida før ei samanslåing kan òg hindre at den nye kommunen får handlingsfridomen sin svekt som følgje av overinvesteringar i samanslåingskommunane før iverksetjinga. Etter § 28 kan departementet føre lovlegkontroll av budsjettvedtaka i kommunar og fylkeskommunar når utgreiing om samanslåing eller prosessen der ein kommune eller ein fylkeskommune blir delt, og dei einskilde delane blir lagde til andre kommunar eller fylke er sett i gang. Denne oppgåva er lagd til fylkesmannen.

Lova skil ikkje mellom prosessar der samanslåinga eller delinga skjer ut frå ei semje mellom kommunane, og der kommunane ikkje er samde. Departementet vurderer det slik at behovet for lovlegkontroll er noko mindre når samanslåinga skjer frivillig.

§ 28 er ein ”kan-regel” og lovlegkontroll av årsbudsjetta skal ikkje skje automatisk. Lovlegkontroll med budsjettvedtak skal skje ”når utgreiing om samanslåing gang eller deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i gang”. Tidspunktet for å vurdere når ei utgreiing om samanslåing er sett i gang, blir ei skjønsvurdering i kvart einskilt tilfelle.

Lovlegkontroll etter § 28 vil ha det same innhaldet som ved klage etter kommunelova § 59 nr. 4.

Det kan vere nyttig at fellesnemnda uttaler seg om budsjettet og økonomiplanen for dei involverte kommunane, sjå Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) s. 67 og Prop. 109 L (2012–2013) endringar i inndelingslova.

10. ANDRE SPØRSMÅL

10.1 Arkivering

Det følgjer av omtalen av § 17 i Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) om Kongen sin fullmakt til å gjere unntak frå visse lovregler i samband med inndelingssaker, at det kan være nødvendig at det blir teke stilling til om det i samband med grenseendringar bør setjast i verk særlege tiltak for å sikre at arkivmateriale i dei opphavlege kommunar og/eller fylkeskommunar blir behandla på ein forsvarleg måte. Særleg ved deling og grensejusteringar vil det bli spørsmål om kor ansvaret skal plasserast og korleis arkivmaterialet skal behandlast for ettertida.

Endring av kommunegrenser vil kunne føre til at eksisterande kommunale einingar blir lagde ned, og at nye einingar oppstår. I alle nye einingar skal det opprettast arkiv, og arkiva etter dei tidlegare kommunale einingane skal avsluttast. Kvart arkiv skal haldast for seg og ikkje blandast saman med arkiv i dei nye kommunane eller fylkeskommunane, sjå forskrift om offentlege arkiv 11. desember 1998 nr. 1193 (arkivforskrifta) § 3-23 andre avsnitt.

Når kommunar eller fylkeskommunar blir slått saman, har den nye eininga depotansvaret for arkiva etter dei tidlegare kommunane eller fylkeskommunane, sjå definisjonen av

depotansvaret i arkivforskrifta § 5-1 tredje avsnitt. Arkiva etter dei tidlegare kommunane må likevel haldast for seg og ikkje innlemmast i arkivet til den nye kommunen. Det vil vere ei naturleg oppgåve for fellesnemnda, sjå inndelingslova § 26, å syte for at det blir greidd ut korleis ein konkret løyser dei arkivspørsmåla som alltid oppstår når fleire kommunar blir slått saman. Planar for kva som skal gjerast med arkiva, må også omfatte depotordninga. Arkivverket kan gje råd og rettleiing.

Når ein kommune eller fylkeskommune blir delt, må det avgjerast kva for kommune eller fylkeskommune som skal ha depotansvaret for arkiva etter den tidlegare eininga. Kvart enkelt arkiv skal haldast samla og ikkje splittast opp. Der det ikkje let seg gjere å bli samde om dette, kan kommunane be departementet om å avgjere spørsmålet.

Kommunale einingar som grenseendringa ikkje får direkte verknader for, til dømes ulike institusjonar, kan halde fram med arkivet sitt som før. Den einaste endringa for dei blir at dei eventuelt blir knytte til eit anna arkivdepot.

10.2 Oversikt over oppgåvene i inndelingssaker

Oppgåvene til fylkesmannen

- rettleie innbyggjarar, grendelag, foreiningar, kommunar
- ta imot søknader om utredning av grensejustering og grensefastsetting
- vurdere om saka skal greiast ut
- førebu eventuelle klagar over at saker ikkje blir greidde ut
- orientere dei involverte partane
- gjennomføre utgreiingsarbeidet
- rådføre seg med Statens kartverk, slik at framlegget til grenseendring blir mest mogleg eintydig og ei endeleg grense blir teikna inn på kartet i samsvar med vedtaket
- lovlegkontroll med budsjettvedtak etter at utgreiinga om samanslåinga og deling som nemnt i inndelingslova § 3 andre ledd bokstav a er sett i gang
- leggje framlegg til endring eller fastsetjing fram for kommunane og fylkeskommunen (og eventuelt andre) for eventuelle merknader
- gjere vedtak når saka er ferdig utgreidd
- gje tilråding til departementet dersom ikkje fylkesmannen har avgjerdsrett i saka
- varsle partane o.a. etter vedtak
- førebu eventuelle klagar frå kommunar
- ved deling eller grensejustering: rettleie kommunane om det økonomiske oppgjeret dersom dei ber om det

- ved samanslåing og deling som nemnd i § 3 andre ledd bokstav b: kalle inn til felles møte mellom kommunestyra (§ 25)
- ved samanslåing eller deling som nemnd i § 3 andre ledd bokstav b der minst ein av kommunane er innmelde i ROBEK: vurdere om den nye kommunen skal meldast inn i ROBEK
- ved samanslåing eller deling som nemnd i § 3 andre ledd bokstav b: motta fråsegn frå fellesnemnda om årsbudsjetta og økonomiplan for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld
- ved samanslåing eller deling av kommunar som nemnd i § 3 andre ledd bokstav b: gjere unntak frå kravet om felles kommunestyremøte etter § 25 i dei tilfella det allereie ligg føre tilstrekkelege lokale vedtak i kvart kommunestyre
- fastsetje at delar av ein kommunen som skal avviklast, og som utgjer mindre enn ti prosent av innbyggjarane, skal bli behandla som ei grensejustering og ikkje ei deling

Oppgåvene til departementet

- rettleie fylkesmannen
- rettleie fylkeskommunane
- handsame klagar
- førebu søknader om samanslåing til avgjerd av Kongen i statsråd (kongeleg resolusjon)
- handtere gjeldande praksis for økonomisk kompensasjon ved samanslåing eller deling bokstav b (§ 15)
- kalle inn til felles møte mellom kommunestyra eller fylkestinga (§ 25) ved samanslåing på tvers av fylkesgrenser ved deling som nemnd i § 3 andre ledd bokstav b
- ved samanslåing eller deling av fylker som nemnd i § 3 andre ledd bokstav b: gjere unntak frå kravet om felles fylkestingsmøte etter § 25 i dei tilfella kvart fylkesting allereie har gjort tilstrekkelege lokale vedtak
- fastsetje at delar av ein kommunen som skal avviklast skal bli behandla som ei grensejustering og ikkje ei deling (oppgåve delvis delegert til fylkesmennene)

10.3 Nærare om avgjerda i inndelingsaker

10.3.1 Saker der fylkesmannen tek avgjerda

Ei avgjerd om grenseendring er ikkje å rekne som eit einskildvedtak etter forvaltningsloven. Det er ikkje formelle krav til korleis avgjerda skal utformast, men avgjerda må svare til krava til god forvaltningsskikk. Det sentrale er at det kjem fram kva

fylkesmannen har vurdert og lagt vekt på i avgjerda si. Framstillinga må gje høve til å etterprøve vurderinga.

I avgjerda må grunngevinga frå initiativtakaren og framlegget til ny grense gå fram. Vidare må eventuelle påstandar og argument frå andre partar i saka refererast. Alle relevante argument bør vurderast. Dersom kommunane er usamde i framlegget, skal vedtaka i kommunestyra refererast i saksframstillinga. Det arealet som det eventuelt er usemje om, og dei ulike framlegga til grense må spesifiserast på ein klar og eintydig måte ved bruk av offentleg godkjende kart.

Saksframstillinga skal ha med desse hovudpunkta:

1. kva saka gjeld (problemstillinga)
2. kort historikk
3. påstandane og argumentasjonen frå partane
4. høyringsfråsegner
5. vurderinga og konklusjonen til fylkesmannen
6. avgjerda (som presist definerer området avgjerda gjeld, og eventuelt fastset den nye grensa)

10.3.2 Saker som skal sendast vidare til departementet etter utgreiinga

Når fylkesmannen har greidd ut det som er naudsynt i saka, gjeld tilsvarande krav til utforminga av avgjerda som nemnt ovanfor når saka skal sendast over til departementet. Fylkesmannen skal også kome med ei tilråding til løysing av saka.

10.3.3 Informasjon om fylkesmannen si avgjerd

Eit vedtak om grensefastsetjing eller grenseendring skal varslast til kommunar som er omfatta av vedtaket, og eventuelle initiativtakarar. Vedtaket skal også kunngjerast i Norsk Lovtidend avdeling II, sjå lov om Norsk Lovtidend m.m. § 1 andre avsnitt.

I tillegg skal desse instansane ha kopi av avgjerda:

- fylkeskommunen
- Statens kartverk,
- Statistisk sentralbyrå, (gjeld ikkje saker om sjøgrenser)
- Skatteetaten
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Andre som bør få informasjon om avgjerda, er:

- innbyggjarar, grunneigarar og andre som har rettar i området (informasjonen skal tilpassast omfanget av saka)
- den regionale og lokale statsforvaltninga
- politimeistrar og lensmenn
- kyrkjeforvaltninga: fellesrådet og bispedømmerådet
- lokalpressa
- Posten Norge BA